

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fellesnemnda-AU</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5, Bergen
<b>Dato:</b>	13.05.2019
<b>Tid:</b>	15:00

### Program

Kl. 15:00 – Opning  
Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda-AU. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar

## Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 18/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/19	Godkjenning møteprotokoll FN-AU 26.04.19	2019/3389	
PS 20/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 4/19	Regional planstrategi for Vestland - løypemelding om utfordringar for samfunnsutvikling i Vestland fylke	2015/1434	
PS 21/19	Ymse		
PS 22/19	Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del II	2018/16486	
PS 23/19	Markeringar knytt til etableringa av Vestland fylkeskommune i 2019/2020	2019/11170	

**PS 18/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Arkivnr: 2019/3389-3

Saksbehandlar: Anita Fjellheim

**Saksframlegg**

**Saksgang**

**Utval**

Fellesnemnda-AU

**Møtedato:**

13.05.19

**Godkjenning møteprotokoll FN-AU 29.04.19**

**Forslag til vedtak**

Møteboka vert godkjent.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Utval:** **Fellesnemnda-AU**  
**Møtestad:** Stord hotell, Leirvik  
**Dato:** 29.04.2019  
**Tidspunkt:** 15:45-16:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
<b>Hordaland</b>		
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Pål Kårbo	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
<b>Sogn og Fjordane</b>		
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd E. Reksnes	Medlem	SP
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Bjørn Hollevik	Medlem	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Silje Lyngstad	Rådgjevar, Hordaland
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/seniorrådgjevar, Hordaland

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 13/19	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
PS 14/19	Godkjenning møteprotokoll 26.03.19	2019/3389	
PS 15/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
PS 16/19	Ymse		
PS 17/19	Vidare utarbeiding av reglement for Folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del I	2018/16486	

## **PS 13/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 29.04.2019**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

## **PS 14/19 Godkjenning møteprotokoll 26.03.19**

### **Forslag til vedtak**

Møteboka vert godkjent.

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 29.04.2019**

### **Vedtak**

Møteboka frå møte den 26.03.2019 vart godkjent utan merknader.

## **PS 15/19 Referatsaker (skriv og meldingar)**

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 29.04.2019**

Ingen referatsaker.

## **PS 16/19 Ymse**

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 29.04.2019**

Ingen saker til ymse.

## **PS 17/19 Vidare utarbeiding av reglement for Folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del I**

### **Forslag til vedtak**

FN-AU gjev prosjektleiar fortsatt fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av dei innspel FN-AU gjev i møte.

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 29.04.2019**

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF og Åshild Kjelsnes (A) fram slikt oversendingsforslag til prosjektleiar:

«Oversending vedr samansettinga av trafikktryggleiksutvalet.

Samansetning: 4 frå utval for samferdsel og mobilitet, ein i frå kva av dei andre utvala, totalt 7 medlemer.»

### **Røysting**

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagstillaren og Åshild Kjelsnes (A) utan realitetshandsaming.

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

FN-AU gjev prosjektleiar fortsatt fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av dei innspel FN-AU gjev i møte.

**PS 20/19 Referatsaker (skriv og meldingar)**

## Notat

Dato: 02.05.2019  
Arkivsak: 2015/1434-764  
Saksbehandlar: marrods

# Regional planstrategi for Vestland - løypemelding om utfordringar for samfunnsutvikling i Vestland fylke

---

Til: Fellesnemnda-arbeidsutvalet

Fra: Prosjektleiar Rune Haugsdal

---

Vestland fylkeskommune skal vedta ein ny regional planstrategi for 2020-2024 seinast eitt år etter konstituering av nytt fylkesting. Fellesnemnda-arbeidsutvalet har fått i oppdrag å førebu arbeidet gjennom å utvikla eit kunnskapsgrunnlag for det komande strategiarbeidet og formell oppstart av arbeidet med regional planstrategi 2020-2024. Forslag til rapport om utfordringar for Vestland vil bli lagt fram for arbeidsutvalet og fellesnemnda i juni. I dette notatet vil prosjektleiaren leggja fram ei løypemelding til FN-AU på hovudinnretning og struktur i endeleg utfordringsrapport til fellesnemnda.

### Oversikt over gjennomført arbeid:

#### 1. Rapport Vestland – statistikk og utviklingstrekk

Det er utarbeidd ein samling av statistikk om utviklingstrekk for Vestland fylke i ein rapport Vestland – statistikk og utviklingstrekk. Rapporten dekkjer både behovet for faktagrunnlag til regional planstrategi ut i frå målsetjinga om berekraftig utvikling og behovet for kunnskapsgrunnlag til å utarbeida ein lovpålagt folkehelseoversikt. Rapporten har fylgjande tema:

- 1 Folk og busetting
- 2 Utdanning og kompetanse
- 3 Nærings og økonomi
- 4 Risiko og sårbarheit
- 5 Areal, natur og kulturminne
- 6 Levekår
- 7 Samferdsle
- 8 Kultur, fritid og deltaking
- 9 Levevanar og helse

Rapporten kan hentast på vlfk.no.

#### 2. Regionale dialogmøte

Det er gjennomført 5 opne dialogmøte med kommunar, næringsliv og organisasjonar. Desse møta har hatt god oppslutning med rundt 100 deltagarar på kvart møte. Møta er halde i desse møtereionane:

Bergen (Bergensregionen)

Voss (Indre Vestland)  
Sløvåg( Nordhordland og HAFS)  
Førde( Nordfjord og Sunnfjord)  
Leirvik (Sunnhordland)

Møta har hatt fylgjande innhald:

- Velkommen og introduksjon (Fylkesordførarane)
- Orientering om organisering av Vestland fylkeskommune (Rune Haugsdal)
- Gjennomgang av statistikk og utfordringar i møteregionen (fylkeskommunen ved Martin Tvedt/Stian Skaar Ludvigsen)
- Førebudde innlegg frå representantar for regionen.
- Open post med innlegg frå frammøtte
- Kommentarar frå fellesnemnda-arbeidsutvalet.

Nærare om kvart møte kan ein finna på vlfk.no.

Det er laga ei oppsummering av alle innspela på møta som vil bli lagt fram for Fellesnemnda i ein eigen rapport. Vedlagt dette notatet er ei førebels rapportering frå regionane (Vedlegg 1)

### 3. Spørreundersøking om utfordringar

Fylkeskommunen har i forkant av dialogmøta gjennomført ei spørreundersøking til representantar for kommunar, næringsliv, lag, organisasjonar og kulturliv. Til saman har 517 respondentar fått tilsendt spørsmåla og berre 36 har ikkje svart. Undersøkinga er ikkje meint å vera representativ for folkemeininga, men gir innspel frå relevante interessefelt i kvar region.

Resultata er formidla på dialogmøta og vil bli oppsummert i ein eigen rapport som blir lagt fram for arbeidsutvalet og fellesnemnda i juni.

### 4. Folkehelseundersøking

Det er gjennomført to omfattande folkehelseundersøkingar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse blei gjennomført i samarbeid med Folkehelseinstituttet og er utført på ein slik måte at vi til saman kan sjå undersøkingane under eitt for Vestland. Eit representativt utval frå heile den vaksne befolkninga var inviterte til å delta. Svarprosenten var på 41,2 i Hordaland, i overkant av 42 % i Sogn og Fjordane. Dette er vurdert som gode resultat, ettersom det generelt sett er vanskeleg å få folk til å delta i spørjeundersøkingar.

### 5. Kartlegging av utfordringar innafor kvart fagområde i fylkeskommunen

Det er gjennomført ei administrativ kartlegging av utfordringar for berekraftig utvikling internt i fylkeskommunens ansvarsområde sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv. Dette materiale vil bli nytta i samband med sak til Fellesnemnda i juni om relevante utfordringar. I kartlegginga er det også framskaffa informasjon om trond for ny statistikk og analysar. Dette vil bli vurdert fram mot oppstart av arbeidet med ny planstrategi i nytt fylkesting. Det er også gjort ei evaluering av gjeldande planar og trond for nye eller revidering. Dette vil bli lagt fram for i samband med arbeidet med ny strategi i nytt fylkesting.

## **Om nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging**

Regjeringa skal i forkant av strategiarbeidet koma med sine forventingar til kommunal og regional planlegging i fire års perioden. Utfordringar sett i eit statleg regionalt perspektiv må ta utgangspunkt i dei føringane som blir gitt i dette dokumentet. Føringane var forventa å kome i februar, men er pr. dato ikkje lagt fram. Statlege organ vil bli trekt sterkt inn i strategiarbeidet når dette formelt startar opp i nytt fylkesting og forventingane ligg føre. Det endelege valet av utfordringar og utviklingsretning i nytt fylkesting vil kunne påverkast av dette.

## **Hovudutfordringar i folkehelseoversikta**

Utarbeidning av ei folkehelseoversikt er ei lovpålagt oppgåve som fylgjer krav i ei eiga føresegns til folkehelselova (Forskrift om oversikt over folkehelsen). Oversikten skal utarbeidast administrativt. I dokumentet skal det bli gjort greie for vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar av dei observerte utviklingstrekka. Innspel frå politiske organ er relevant, men det er etter lova ikkje rom for å påverke vurderingane ut frå politiske eller økonomiske motiv. Folkehelseoversikta vil bli lagt fram til orientering for Fellesnemnda i juni og formidla til nytt fylkesting i samband med oppstart av arbeidet med ny regional planstrategi. Folkehelseoversikta er eit viktig grunnlagsdokument for regional planstrategi.

I arbeidet med folkehelseoversikten har følgjande tema førebels peika seg ut:

Befolkningsendringar , fleire eldre, færre unge, fleire innvandrarar

Velferdsordningar

Arbeid og utdanning

Auka inntektsulikskap

Klimaendringar

Trugsalar frå ras

Klimatilpassing

Gode lokalmiljø

Skule

Kollektivtilbod

Arbeidsplassar

Støy

Moglegheiter for deltaking

Dette er førebelse tema, det må presiserast at arbeidet er i prosess. I vedlegg 2 blir det vist delar av analysearbeidet som er gjort til no og illustrasjonar til desse.

## **Hovudinnretning av rapport om utfordringar for Vestland fylke**

På bakgrunn av materialet som er framskaffa til no skal det lagast ein rapport med oppsummering av utfordringar for Vestland fylke. Rapporten skal leggjast fram til vedtak i Fellesnemnda 18.juni etter innstilling frå FN-arbeidsutvalet 11.juni. Som hovudinnretning på rapporten legg prosjektleiaren opp til ei geografisk differensiering av status og utfordringar, og at FN sine berekraftmål bert lagt til grunn for vurdering og omtale av dei aktuell utfordringane.

Del 1 Utfordringar for Vestland fylke

FNs berekraftmål sett i høve til utfordringar

Hovudutfordringar

Del 2 Utfordringar i møtereionane

### Om FNs berekraftmål og regional planstrategi

På bakgrunn av spørsmål til fylkesordføraren om bruk av FN sine berekraftmål og indikatorar blei det fatta følgjande einstemmige vedtak i fylkestinget i Hordaland i møte 02. og 03. 10. 2018:

*Fylkestinget i Hordaland meiner at FNs Bærekraftsmål bør vera overordna og førande i arbeidet fram mot og i det nye Vestland fylkeskommune.*

Prosjektleiaren tek som utgangspunkt at FN sine berekraftmål blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Regional planstrategi er ein overordna og sektorovergripande plan som skal fremje berekraftig utvikling og er difor relevant for vurdering opp mot FN sine berekraftmål. Utfordringsrapporten vil innehalde eit kapittel der kvart av berekraftmåla blir vurdert i høve til status og utfordringar.

Berekraftmåla er ein revisjon av måla som var sett for 2020 og gjeld no fram til 2030 og for alle medlemsland. Det er i alt 17 mål, 169 delmål og 232 indikatorar. Ikke alle delmål og indikatorar er relevant for regional planstrategi. I rapporten vil vi peike ut eitt særleg relevant delmål under kvart av dei 17 hovudmåla og vurdere desse opp mot dei utfordringane vi ser for Vestland.

I rapporten Vestland – statistikk og utviklingstrekk vil mange relevante indikatorar vera omtalt. Vi vil samle og forenkle nokre sentrale indikatorar i ein rapport til den formelle oppstarten av arbeidet med ny planstrategi i nytt fylkesting.

Vestland fylke er invitert av Vestlandsforskning til å delta i eit forskningsprosjekt om bruk av FNs Berekraftmål i plansamanheng. Arbeidet med regional planstrategi vil kunne vera eit case i eit slikt forskingsprosjekt.



Førebels oversikt over hovudutfordringar:

Ut i frå materiale som no er tilgjengeleg frå punkt 1-5 og vurderingar av utfordringar for folkehelse og FN sine berekraftmål har vi sett opp fylgjande førebelse hovudoverskrifter:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Smart mobilitet og gode transportsamband
- Grøn konkurranseskraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kunnskap og kompetanse
- Attraktive stader og gode nærmiljø
- Vestlandskultur og frivillighet
- Like muligheter med auka forskjellar
- Ungdom - trivsel og tilhøyre


## 2.1 REGIONRAPPORTAR - METODE OG MEDVERKNAD

Kartet over Vestland illustrerer dei fem regionane rapportane i dette kapittelet tek utgangspunkt i. Regionane er basert på dialogmøta som vart gjennomført i regi av fylkeskommunen våren 2019.

Regionrapportane gjev eit grunnlag for å vurdere kva moglegheiter og utfordringar heile fylket står ovanfor. Rapportane er basert på tre element; (1) utviklingstrekk i regionen fra dokumentet *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, (2) folkehelseundersøkingane i Hordaland og Sogn og Fjordane og (3) medverknad frå innbyggjarane i heile Vestland gjennom spørjeundersøking og dialogmøte.

### Utviklingstrekk – Vestland | Statistikk og utviklingstrekk

Dette dokumentet ligg til grunn for arbeidet med å setje rething og mål for planane og



strategiane som vert utarbeida for det nye fylket. Det gjev ei oversikt over sentrale utviklingstrekk i fylket, og inneholder tal og fakta om Vestland innanfor eit breitt spekter av samfunnstema. Mykje av informasjonen er presentert på kommunenivå. Dette gjer at vi kan samanlikne kommunar, men også større geografiske områder i fylket, som regionar. Statistikk og utviklingstrekk om utvalde samfunnstema er presentert for kvar enkelt region i regionrapportane under. Tema følgjer kapittelinndelinga i *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, der ein også finn utfyllande informasjon.

**Folkehelseindikatorar - Folkehelseundersøkingane i Hordaland og Sogn og Fjordane**  
Fylkeskommunen har eit ansvar for å legge til rette for god folkehelse i fylket. For å gjøre det, må vi vite korleis innbyggjarane si helse er, og kva faktorar som påverkar den. I den samanheng vart det gjennomført ei folkehelseundersøking av vaksenpopulasjonen i Hordaland i 2018. Resultata frå undersøkinga vart brukt i *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*. Tilsvarande undersøking har blitt gjennomført i Sogn og Fjordane i 2019. Fem utvalde variablar frå undersøkinga er presentert for kvar region i rapportane under. Vi presenterer informasjon om korleis innbyggjarane har det gjennom opplevd trivsel,

tilgjengeleight, sosial støtte, deltaking i organisert/uorganisert aktivitet og støy. Desse vart i liten grad drøfta under innspela på dei regionale dialogmøta. Likevel er dei blant dei utvalde indikatorane som folkehelseringen<sup>1</sup>, både i Hordaland og Sogn og Fjordane, meiner er sentrale indikatorar i folkehelsearbeidet. Difor vel vi å framheve variablane her. Gjennom å bruke svar frå folkehelseundersøkinga, har også «folk flest» fått ei stemme inn i arbeidet, i tillegg til dei inviterte og dei deltakande som presentert i neste avsnitt.

### **Medverknad – Spørjeundersøking og dialogmøte**

Innbyggjarane i Vestland har bidratt med å identifisere det dei opplev som sterke og svake sider ved sin region, i tillegg til å identifisere moglegheiter og trugslar som kan påverke vidare utvikling i regionen. Bidraga har kome gjennom ei spørjeundersøking og gjennom dialogmøta, og er presentert for kvar region i rapportane under. Inndelinga av tema følgjer spørjeundersøkinga.

#### *Spørjeundersøking – identifiserer styrker og svakheiter*

Undersøkinga vart sendt til personar i Hordaland og Sogn og Fjordane våren 2019.<sup>2</sup> Respondentane inkluderte blant anna administrativt tilsette i kommunane (35 prosent), representantar frå næringslivet (30 prosent) og kulturorganisasjonar (15 prosent), i tillegg til folkevalde i kvar kommune, ungdomsrepresentantar og frivillig sektor (til saman 20 prosent).<sup>3</sup> Merk at dette er eit strategisk utval respondentar. Resultata frå undersøkinga kan difor ikkje seiast å vere representative for den generelle oppfatninga til innbyggjarane i kvar enkelt region. I tabellen presenterer vi dei fem emna som flest respondentar oppfatta som ein styrke eller svakheit i sin region.

#### *Dialogmøte – identifiserer moglegheiter og trugslar*

Dialogmøta vart arrangert våren 2019 i Bergen, Voss, Gulen, Førde og på Stord. Mellom 80 og 130 innbyggjarar møtte opp på kvart av dei fem dialogmøta. Anne Gine Hestetun og Jenny Følling, fylkesordførarar i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane, fortalte om sine tankar og visjonar for det nye fylket. Vidare var prosjektleiar Rune Haugsdal møteleiar, og formidla informasjon om prosessen med fylkessamanslåinga. Dei frammøtte fekk presentert eit utval utviklingstrekk for den aktuelle regionen frå *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, og resultat frå spørjeundersøkinga som hadde blitt gjennomført i forkant av møtet.

For fylkeskommunen var likevel den viktigaste delen av kvart møte, innspela frå regionen. Representantar frå blant anna frivillig sektor, næringsliv, ungdomsrepresentantar, regionråd og lokalpolitikarar heldt innlegg som skildra utfordringar dei opplev i sin region, samt deira ambisjonar for framtida, både for regionen og det nye fylket. I tillegg kom mange av synspunkta vi har tatt med oss frå dialogmøta, fram gjennom innspel frå salen. Vi har løfta fram dei mest omtalte emna i regionrapportane under, og kategorisert innspela som moglegheiter eller trugslar som kan påverke vidare utvikling i regionen.

---

<sup>1</sup> Folkehelseringen er eit tverrfagleg samarbeid internt i kvar av fylkeskommunane i dag.

<sup>2</sup> Undersøkinga vart sendt ut til 517 personar der 394 personar gjennomførte heile undersøkinga og 111 personar gjennomførte deler av undersøkinga.

<sup>3</sup> Respondentane var tilsette innan kommunal planlegging, folkehelsekoordinatorar i kommunane, kommunalsjefar, rådmenn, ordførarar, ungdomsrepresentantar, bedriftsleiarar og leiarar i nærings- og regionråd.

## Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet 13.mai 2019



Kvam ungdomsråd var oppteken av ungdomsbillet og helse. Her på møtet i Bergen med dei to fylkesordførarane.



Mange gode innspele frå dei frammøtte. Her ved dialogmøtet i Førde.



Hardangerrådet, Voss kommune og Sogn regionråd har allereie begynt samarbeidet om Indre Vestland. Her frå dialogmøtet på Voss.



Innspele frå salen under møtet i Leirvik.



Viktigheit av innvillig innsats. Her frå dialogmøtet i Leirvik. Politikar Kjellbjørg Lunde stilte spørsmål om kva fylkespolitikarane vil prioritere av samferdslesakene.



Elevane ved Voss vidaregåande skule, Skulestadmo, hadde laga smakfull mat til dei frammøtte.



Ordførar i Etne, Siri Klokkestuun, og ordførar i Stord, Gaute Epland på dialogmøtet i Leirvik.



Dialogmøte i Sløvåg.



Politikarpanelet på møtet i Leirvik.

## 2.2 REGIONRAPPORTAR

### 2.2.1 Møteregion Bergensområdet

Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os, Fusa, Samnanger

#### Utviklingstrekk i Bergensområdet

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>Folketalsvekst i alle kommunane dei siste fem åra. Det er venta folketalsauke fram mot 2040, spesielt i Askøy, Fjell og Os (37,2 prosent auke).</li> <li>Er venta å ha relativt låg del eldre (67 år eller eldre) i 2040.</li> </ul>
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Høg del unge (25-29 år) med minimum fullført vidaregåande skule i Bergen (83,2 prosent). Noko lågare i dei andre kommunane i regionen.</li> <li>Samanlikna med fylket som heilheit, er det ein noko større (og aukande) del i alderen 30-39 år med høgare utdanning og mindre del med vidaregåande skule.</li> <li>Del med grunnskule som høgaste utdanningsnivå aukar i regionen for denne aldersgruppa.</li> </ul>
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samnanger og Øygarden har lågast sysselsettingsgrad i regionen. Dei andre kommunane ligg svært nær fylkessnittet (66 prosent).</li> <li>Tertiærnæringane dominerer i Bergen, Fjell, Os og Askøy. Fusa er sterke innanfor sekundærnæringane. Sund, Øygarden og Samnanger har mange arbeidsplassar i offentleg sektor.</li> <li>Regionen har ei særlig styrke innan marin næring og ikkje-fornybar energiproduksjon.</li> </ul>
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> <li>I Vestland er det berre faste målestasjonar av luftkvalitet i Bergen. Kravet til god luftkvalitet var oppfylt ved alle målestasjonar i Bergen i 2017.</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mellom 75 og 100 prosent av innbyggjarane i Samnanger, Fusa, Sund og Øygarden har trygg tilgang til nærturterrenge. Delen er mindre i dei andre kommunane, spesielt i Os og Bergen (under 50 prosent).</li> <li>75-100 prosent av innbyggjarane i Sund, Askøy og Øygarden har trygg tilgang til rekreasjonsareal, medan færre har trygg tilgang i resten av regionen (50-75 prosent).</li> </ul>
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forskjellane blir større og del born i låginntektshushald aukar. Alle kommunane i Bergensområdet kjem likevel likt eller betre ut, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt (12,3 prosent). Askøy, Fjell og Samnanger kjem best ut.</li> <li>Kvinner (i Hordaland) opplev sjølv, i større grad enn menn, at dei har mindre god råd. Både menn og kvinner opplev at dei har betre råd med aukande alder.</li> </ul>
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> <li>Trafikkmengda i fylket er klart størst i dei mest sentrale stroka. Det gjeld områder i store deler av Bergensområdet, bortsett frå Fusa.</li> <li>Bergen har heilt klart størst del innbyggjarar med tilgang til eit høgfrekvent kollektivtilbod. Ein stor del av innbyggjarane i Fjell, Askøy og Os har også tilgang til eit høgfrekvent tilbod. Dess meir sentralt ein bur i Hordaland, dess betre opplev innbyggjarane tilgangen av kollektivtransport og dess større del av innbyggjarane nyttar seg av kollektivtransport til og frå arbeid og skule.</li> </ul>
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> <li>Deltaking ved kommune- og fylkestingsval, er generelt noko lågare, samanlikna med deltakinga ved stortingsval.</li> <li>Låg deltaking i kulturskulen. Generelt sett deltek ein mindre del born i kulturskule i meir folkerike kommunar i fylket – fleire av dei mest folkerike kommunane i Vestland, finn vi i Bergensområdet.</li> <li>Ein større del av ungdom i regionen opplev eit godt tilbod av idrettsanlegg enn kulturtild. Det er likevel store forskjellar mellom kommunane.</li> </ul>
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein større del av innbyggjarane snusar dagleg (om lag 12 prosent), samanlikna med kommunane kring Bergensregionen.</li> <li>Ein større del av innbyggjarane i Bergen rapporterer om sjeldan eller aldri inntak av sukkerholdig brus/leskedrikk.</li> </ul>

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

**Folkehelseindikatorar for Bergensområdet**

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	53 %	60 %	43 %	44 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	91 %	91 %	94 %	88 %
	<b>Del som opplev å ha god tilgang</b>	<b>Oppnådd pensjonsalder</b>	<b>Unge (18-24 år)</b>	<b>Låg inntekt (under 350 000 kroner)</b>
God tilgang på offentleg transport	76 %	80 %	77 %	79 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	94 %	94 %	88 %	86 %
God tilgang på kultur	84 %	83 %	84 %	78 %
	<b>Ikkje plaga</b>	<b>Mykje eller svært mykje plaga</b>		
Støy	73 %	3,7 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

**Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Bergensområdet**

	<b>Styrkar</b>	<b>Svakheiter</b>	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>
Folketalsutvikling			<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ta i bruk heile kommunen for å skape levande bygder og lokale arbeidsplassar</li> <li>○ Kvalitet i skulen, helsetenester og vegstandard - viktig for busetting i distrikta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utbyggingsmønster - Nasjonale og internasjonale mål må ikkje gå på bekostning av lokale behov</li> </ul>
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Høg kompetanse i barnehagane</li> <li>○ Sterke skuleprestasjoner</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det bør oppretta regionale omdomsråd</li> <li>○ Ungdom frå fylket må finne ynskja utdanning i regionen</li> <li>○ Desentralisert utdanning ved hjelp av ny teknologi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sentralisert utdanning</li> </ul>
Kompetanse og rekruttering			<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Samspel mellom næringsliv og utdanning for å tilby relevant utdanning for regionen</li> <li>○ Styrke eksisterande nærings- og kompetansestruktur for å framstå attraktive for rett kompetanse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fråflytting av ung og god kompetanse til Oslo</li> </ul>
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etterslep i vedlikehald på vegnett</li> <li>○ Dårleg tilrettelagd for syklande og gåande</li> <li>○ Dårleg kollektivtilbod (buss, båt)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Digital infrastruktur</li> <li>○ Ungdomskort og «heim for ein hundrelapp» i distrikta</li> <li>○ Vidareutvikling av forskjellig type infrastruktur (veg, bane, luft, til sjøs)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Smale og rasutsette vegar – dagleg utfordring for skuleelevar, arbeidspendlarar næringsliv, reiseliv. Eks. Riksveg 7</li> <li>○ Ikke tilstrekkeleg kollektivtilbod i distrikta</li> </ul>
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sterk omstillingsevne</li> <li>○ Mange nytableringar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Liten eller ingen tilgang til risikovennleg kapital</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Steinmassar frå utbygging av riksveg 16 Arna-Voss må kome til nytte, samarbeid med nærliggande kommunar</li> <li>○ Endå tettare samarbeid med heile Vestlandet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dårleg infrastruktur gjer det utfordrande for trygg og effektiv utvikling av reiseliv</li> </ul>
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sterke familjø</li> <li>○ Variasjon i næringslivet</li> <li>○ Mange kompetanse-arbeidsplassar</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utvikle arbeidsplassar innan energi og marine næringar i samspel med teknologi og kompetanse</li> <li>○ Endå tettare samarbeid med heile Vestlandet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Mogleg spenningsfelt mellom dei store samanslätte kommunane kring Bergen og dei som framleis er små</li> </ul>
Helse og levevanar				<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Stort behov for helsejukepleiarar på skulane</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	Befolkinga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Følgje opp friluftsmeldinga til regjeringa med regionale planar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vindkraftplanar som omhandlar område med store friluftsverdiar i fjellet</li> <li>○ Dårleg infrastruktur gjer fleire område mindre tilgjengelege</li> </ul>
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Variert kulturtibod</li> <li>○ Gode idrettsanlegg</li> <li>○ Stor frivillig innsats</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Få tilbod som sikrar inkludering</li> <li>○ Låg deltaking i kulturlivet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fylket må arbeide for større statlege overføringer innan kulturfeltet</li> <li>○ Bergen som Vestland sitt kulturelle kraftsenter og spydspiss</li> <li>○ Skule- og idrettsanlegg må sjåast i samanheng</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Mangl på nasjonal politikk som styrkar kulturinstitusjonane regionalt</li> </ul>
Klima og miljø		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Høg lokal forureining (luft, støy, kjemikaliar osv.)</li> </ul>		

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Liten kunnskap om korleis ein kan kutte klimagassutslepp</li> </ul>		
Sosiale forskjellar og utanforskap		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Store forskjellar i inntekt</li> <li><input type="radio"/> Mange fattige barnefamiliar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Vidareutvikle det gode samarbeidet med Innvandrarrådet om integreringsarbeid</li> </ul>	
Styrkar	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar	

**Merk:** Spørjeundersøking – strategisk utval, ikkje representativt. X personar har gjennomført undersøkinga i møtereionen Bergen (X frå kommuneadministrasjon, X frå kommunepolitikk (inkl. ungdomsrepresentantar), X frå næring (bedrift, næringsråd, utviklingsselskap), X frå kulturinstitusjonar/stiftingar, X frå frivillige organisasjonar).

Respondenter 150

## 2.2.2 Møtereregion Indre Vestland

*Voss, Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik, Høyanger, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvam, Vaksdal*

### Utviklingstrekk i Indre Vestland

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>Folketalsnedgang i 10 av 18 kommunar dei siste fem åra (fødselsunderskot og negativ innlandsflytting). Dette gjeld stort sett dei minst sentrale kommunane i regionen. Venta folketauske i dei mest sentrale kommunane som Sogndal og Voss fram mot 2040.</li> <li>Meir enn kvar fjerde innbyggjar vil vere 67 år eller eldre i over halvparten av kommunane i 2040.</li> </ul>
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Om lag 80 prosent av unge (25-29 år) i dei fleste kommunane har vidaregåande skule eller meir utdanning.</li> <li>Samanlikna med fylket som heilheit, er det ein noko mindre (men aukande) del i alderen 30-39 år med høgare utdanning. Frå og med 2015 har ein større del hatt høgare utdanning samanlikna med vidaregåande skule. Del med grunnskule er aukande.</li> </ul>
Nærings og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sysselsettingsgrada er høgare enn fylkesgjennomsnittet (66 prosent) i dei fleste kommunane. Unntaka er Årdal, Ulvik, Høyanger, Odda, Vaksdal og Jondal.</li> <li>Tertiærnæringerne dominerer i Voss og Sogndal. Årdal (og Odda) er sterke innanfor sekundærnæringerne. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar.</li> <li>Regionen har ei særlig styrke innan fornybar energiproduksjon.</li> </ul>
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> <li>Store område i regionen har høg/svært høg radonfare.</li> <li>Nivået av nitrogendioksid (NOx) i Flåm når til tider verdiar som kan ha negativ helsemessig påverknad. Saman med sot/røykpartiklar og vassdamp, bidreg dette til danning av røykskyer i fjordane.</li> <li>Store område i regionen er utsett for skredhendingar. Venta auke i nedbørsmengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida.</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mellom 75 og 100 prosent av innbyggjarane i åtte av kommunane i regionen har trygg tilgang til nærturterring. Ein mindre del har trygg tilgang i resten av kommunane.</li> <li>Størst del av innbyggjarane som har trygg tilgang til rekreasjonsareal finn vi i Odda (75-100 prosent). Elles er delen med trygg tilgang til rekreasjonsareal minst i Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Ulvik, Leikanger og Voss (0-50 prosent).</li> </ul>
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forskjellane blir større og del born i låginntektshushald aukar. Dei fleste kommunane i Indre Vestland kjem likt eller betre ut, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt (12,3 prosent). Eidfjord, Årdal og Leikanger kjem best ut. Kommunane med ein høgare del born i låginntektshushald enn nasjonalt gjennomsnitt, er spesielt Ulvik og Balestrand, men også Odda, Vaksdal og Høyanger.</li> </ul>
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> <li>Den største trafikkmengda i regionen, finn vi sentralt i Voss, på strekka mellom Voss og Bergen, og sentralt i Sogndal. Samanlikna med trafikkmengda i store deler av Indre Vestland, er det også mykje trafikk frå Sogndal til Leikanger, Fjærland og Gaupne, frå Voss mot Eidfjord og mellom Voss og Sogndal via Lærdal.</li> <li>Det er fleire ferjestrekker i regionen, der den klart mest trafikkerte er Fodnes – Mannheller.</li> <li>Dei fleste innbyggjarane i minst sentrale strok har eit lågfrekvent kollektivtilbod, medan dei fleste i meir sentrale strok har eit mellomfrekvent tilbod.</li> </ul>
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> <li>Deltakinga ved kommuneval er noko høgare i kommunane kring Sognefjorden, i tillegg til Ulvik og Jondal, samanlikna med resten av kommunane i regionen. Liknande fordeling ser vi ved førra fylkestingsval, der særleg indre strok i regionen hadde høgare deltaking. Ved stortingsval er deltakinga høgare i heile regionen, særleg nord for Sognefjorden og i Hardanger.</li> <li>Meir enn halvparten av ungdom i dei aller fleste kommunane opplev at kulturtilbodet er godt. Sogndal, Årdal og Lærdal kjem særleg godt ut (over 69 prosent). Ein endå større del av ungdom i regionen opplev eit godt tilbod av idrettsanlegg (over 70 prosent i dei fleste kommunar). Eit unntak er spesielt Jondal (17 prosent).</li> </ul>
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

### Folkehelseindikatorar for Indre Vestland

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	66 %	70 %	51 %	51 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	90 %	87 %	96 %	88 %
	Del som opplev å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	43 %	59 %	40 %	49 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	95 %	94 %	92 %
God tilgang på kultur	82 %	84 %	78 %	75 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	76 %	3,3 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

### Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Indre Vestland

	Styrkar	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fråflytting</li> <li>○ Skeiv aldersfordeling (unge, eldre)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Migrasjon/innvandring: nye landsmenn bidreg med mangfold og innovasjon</li> <li>○ Digitalisering – eks telemedisin for å sikre tenester i distrikta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sentralisering</li> <li>○ Aukande del eldre</li> </ul>
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lågt fråfall i skulen</li> <li>○ Gode skuleprestasjoner</li> <li>○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kopling mellom vgs og næringsliv for å tilby relevante liner</li> <li>○ Opning av vgs for resten av landet</li> <li>○ Vidaregåande må byggje opp under universitets- og høgskule</li> </ul>	
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rekruttering av relevant arbeidskraft</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kopling mellom vgs og næringsliv for å tilby relevante liner</li> <li>○ Kompetanse gjennom internasjonale prosjekt med EU-midlar</li> <li>○ Behov for kompetanse i industrien for å bli fornybarregionen</li> </ul>	
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet</li> <li>○ Dårleg kollektivtilbod</li> <li>○ Dårleg framkome</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Styrke jarnbana</li> <li>○ Bruke fjorden som transportåre</li> <li>○ Styrke arbeidet med den «indre» vegen, RV13</li> <li>○ Digitalisering – t.d. telemedisin etc.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Stenging av fjellovergangar vinterstid</li> <li>○ Større avstandar til kommune- og fylkessenter</li> <li>○ Dyrt kollektivtilbod for brukarane</li> </ul>
Verdiskaping og innovasjon	....	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Nyetableringar</li> <li>○ Svak omstillingsevne</li> <li>○ Liten tilgang til risikovennleg kapital</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vekst i reiselivet, heilårsturisme</li> <li>○ Etterspørsel etter matprodukt med kvalitet, eks cider</li> <li>○ Nyskaping, entreprenørskap - Satse på nye landsmenn</li> <li>○ Samverke mellom næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling (tilskot)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fare for at eigarskap i kraftsektoren flyttast ut av fylket. Indre Vestland er Norges kraftbelte, innovativt miljø - det nye fylket må arbeide for rammevilkår som gjer at verdiane blir i regionen</li> </ul>

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

<b>Bedrifter og arbeidsplassar</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Få lokale arbeidsplassar</li> <li><input type="radio"/> Sesongbaserte næringer</li> <li><input type="radio"/> Liten variasjon i næringslivet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Vekst i reiselivet og heilårsturisme – vinteropne fjellovergangar er viktig her. Krev betre samspel mellom reiseliv og samferdsel</li> <li><input type="radio"/> Grønt reiseliv og turistskatt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Færre offentlege arbeidsplassar</li> <li><input type="radio"/> Rammevilkår, eigarskap og avgiftssystem knytt til elkraft</li> <li><input type="radio"/> For dårleg infrastruktur er ein trugsel for føretak innan reiseliv</li> </ul>
<b>Helse og levevanar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Høg trivsel</li> <li><input type="radio"/> Høg deltaking i fysisk aktivitet</li> </ul>			
<b>Areal, natur og kulturminne</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Naturmangfaldet har god tilstand</li> <li><input type="radio"/> Berekraftig utnytting av naturressursar</li> <li><input type="radio"/> Befolkinga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Regionen ynskjer å bidra til at fylket går i front for klima og miljø</li> </ul>	
<b>Kultur og fritidstilbod</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Stor frivilleg innsats</li> <li><input type="radio"/> Gode idrettsanlegg</li> <li><input type="radio"/> Varierte kulturtildod</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Kultur er ein ressurs i reiselivs-samanhang, t.d. gjennom musikk og båtbygging</li> </ul>	
<b>Klima og miljø</b>				<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Auka rasfare og flaumfare som følge av klimaendringar</li> </ul>
<b>Sosiale forskjellar og utanforskap</b>			<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Einsemd – stor engasjement i frivillige organisasjonar, kan bidra positivt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Fleire einsame</li> <li><input type="radio"/> Svært avhengig av frivillig innsats når det gjeld eldre og integrering</li> </ul>
	<b>Styrkar</b>	<b>Svakheiter</b>	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>

**Merk:** Spørjeundersøking – strategisk utval, ikkje representativt. X personar har gjennomført undersøkinga i møtereionen Voss (X frå kommuneadministrasjon, X frå kommunepolitikk (inkl. ungdomsrepresentantar), X frå næring (bedrift, næringsråd, utviklingsselskap), X frå kulturinstitusjonar/stiftingar, X frå frivillige organisasjonar).

Respondentar 127

## 2.2.3 Møtereign Nordhordland og HAFS

Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Radøy, Lindås, Meland, Osterøy

### Utviklingstrekk i Nordhordland og HAFS

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"><li>Folketalsnedgang i kommunane nord for Sognefjorden (utanom Askvoll) dei siste fem åra. Størst vekst i kommunane nær Bergen. Kommunane kring Sognefjorden er venta å oppleve folketalsnedgang fram mot 2040. I dei meir sentrale kommunane nær Bergen, er det venta folketsauke.</li><li>Kommunane der det er venta folketalsnedgang, er det også venta ein høgare del eldre innbyggjarar (67 år eller eldre) i 2040.</li></ul>
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"><li>Ein større del i alderen 30-39 år har fullført vidaregåande skule (synkande), samanlikna med del med fullført høgare utdanning (aukande). Del med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå er aukande.</li></ul>
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"><li>Det er store skilnader i sysselsettingsgrada, frå om lag 63 prosent i Hyllestad til over 71 prosent i Gulen.</li><li>Tertiærnæringane dominerer i Fjaler, Lindås og Meland. Hyllestad, Gulen og Osterøy, hovudvekt av sekundærnæringer. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar.</li><li>Regionen har ei særlig styrke innan marin og maritim næring.</li></ul>
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"><li>Fleire område i regionen, spesielt nord for Sognefjorden, opplev mange skredhendingar. Venta auke i nedbørsmengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida.</li><li>Som følgje av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.</li></ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"><li>Størst del av innbyggjarane med trygg tilgang til nærturterrenge finn vi i kommunane nord for Sognefjorden (75-100 prosent).</li><li>Solund og Gulen kjem best ut når det gjeld trygg tilgang til rekreasjonsareal (75-100 prosent), medan under 50 prosent av innbyggjarane i Fjaler har trygg tilgang.</li></ul>
Levekår	<ul style="list-style-type: none"><li>Samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt, bur det ein større del born i låginntektshushald i Fedje, Solund og Fjaler. Resten av kommunane ligg likt eller under nasjonalt gjennomsnitt.</li></ul>
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"><li>Samanlikna med resten av fylket, er det mindre områder i Nordhordland og HAFS som er høgtraffikkerte. Mest trafikk finn vi i Lindås, men også i Radøy og mellom Masfjorden og Gulen til ferjestrekka Lavik – Oppedal. Dette er den mest traffikkerte ferjestrekka i regionen.</li><li>I sentrale strok sør i regionen, har størst del av innbyggjarane eit mellomfrekvent kollektivtilbod. Lengre nord, i mindre sentrale kommunar, har dei fleste eit lågfrekvent kollektivtilbod.</li></ul>
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"><li>Valdeltakinga ved både kommune- og fylkestingsval er generelt høgare i dei minst sentrale og minst folkerike kommunane i regionen. Ved stortingsval er valdeltakinga høgare i alle kommunar, og spesielt i kommunane sør for Sognefjorden.</li><li>Generelt sett deltek ein større del born i kulturskule i mindre folkerike kommunar i fylket. Fleire av dei minst folkerike kommunane i Vestland, finn vi i Nordhordland og HAFS, spesielt frå Austrheim, Masfjorden og nordover.</li><li>Ein større del av ungdom i regionen opplev eit godt tilbod av idrettsanlegg, samanlikna med opplevd kulturtild. Det er likevel store variasjonar mellom kommunane.</li></ul>
Levevanar og helse	

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

### Folkehelseindikatorar for Nordhordland og HAFS

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	61 %	68 %	52%	51 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	88 %	87 %	93 %	83 %
	Del som opplev å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	37 %	47 %	34 %	40 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	96 %	91 %	92 %
God tilgang på kultur	55 %	62 %	57 %	52 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	82 %	1,6 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

### Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Nordhordland og HAFS

	Styrkar	Svakheiter	Mogleger	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fråflytting</li> <li>○ Skeiv aldersfordeling (unge, eldre)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utflytting av statlege arbeidsplassar</li> <li>○ Digitalisering</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dårleg infrastruktur, utfordrande å bu, pendle..</li> <li>○ Aldrande befolkning</li> <li>○ Utfordrande med arbeidsplass berre for ein, og ikkje to</li> </ul>
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gode skuleprestasjonar</li> <li>○ God kompetanse i barnehagane</li> <li>○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Desentraliserte lesesalar og utdanningstilbod ved hjelp av digitalisering</li> <li>○ Fjerning av fylkesgrensa vil opne tilboden på VGS</li> <li>○ Betre moglegheit for å bu heime gjennom VGS ved utvida tilbod</li> </ul>	
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rekruttering av relevant arbeidskraft</li> <li>○ Svakt utdanningstilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gode moglegheiter for rekruttering om det er arbeidsplass til to</li> </ul>	
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet</li> <li>○ Lite tilrettelagd for gåande og syklande</li> <li>○ Dårleg kollektivtilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utbetring av veg (E39 og kystveg) – potensiale for vekst</li> <li>○ Ferjeavløysing</li> <li>○ Litt utbetring er betre enn ingenting</li> <li>○ Samordning av kollektivtilboden mellom Hordaland og Sogn og Fjordane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rasutsatt</li> <li>○ Dårleg veg og store avstandar, lang reisetid mellom kommunane i regionen</li> <li>○ Sårbart flytilbod</li> <li>○ Få ferjeavgangar</li> </ul>

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Sterk omstillingsevne</li> <li><input type="radio"/> Mange nyetableringer</li> <li><input type="radio"/> Gode på digitalisering og ny teknologi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Få nyetableringer</li> <li><input type="radio"/> Svak omstillingsevne 3,7</li> <li><input type="radio"/> Liten eller ingen tilgang på risikovennlig kvarita3,6 17</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Grunder-tradisjon</li> <li><input type="radio"/> Innovasjon innan marin sektor</li> <li><input type="radio"/> Potensiale innan det grøne skifte</li> <li><input type="radio"/> Vekst innan reiseliv</li> <li><input type="radio"/> Vekst innan vindkraft</li> <li><input type="radio"/> Hydrogenproduksjon</li> <li><input type="radio"/> Geopark</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Fragmentert verkemiddelapparat</li> </ul>
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Heilårs arbeidsplassar</li> <li><input type="radio"/> Sterke fagmiljø</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Få eller ingen kompetanse-arbeidsplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Satsing på arbeid for to</li> <li><input type="radio"/> Vidareutvikle det tette samarbeidet mellom bedriftene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Dårleg infrastruktur</li> <li><input type="radio"/> For lite mangfold blant bedriftene kan gjøre det utfordrande å skaffe jobb til to</li> </ul>
Helse og levevanar				<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Kvaliteten i helsetenester</li> <li><input type="radio"/> Dårleg tilgang på fastlege</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Naturmangfaldet har god tilstand</li> <li><input type="radio"/> Befolkinga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde</li> <li><input type="radio"/> Berekraftig utnytting av naturressursar</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Ledig areal, ferdig regulert</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Arealkonflikt og arealstorleik ved utbygging av vindkraft</li> <li><input type="radio"/> Trykk på etablering av havbruk, fiske og industri</li> </ul>
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Stor frivillig innsats</li> <li><input type="radio"/> Gode idrettsanlegg</li> <li><input type="radio"/> Variert kulturtibod</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Kulturtibod viktig for busetjing og trivsel</li> <li><input type="radio"/> Frivilligheita er ein stor ressurs og er med på å bygge attraktive lokalmiljø</li> </ul>	
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="radio"/> Algeprosjekt (viktig start på grøn industri)</li> </ul>	
Sosiale forskellar og utanforskap				
	<b>Styrkar</b>	<b>Svakheiter</b>	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>

Respondenter 75

## 2.2.4 Møteregion Sunnfjord og Nordfjord

*Selje, Eid, Vågsøy, Flora, Bremanger, Stryn, Gloppen, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal*

### Utviklingstrekk i Sunnfjord og Nordfjord

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>Folketalsauke i kommunane dei siste fem åra, med unntak av Bremanger, Vågsøy, Selje og Jølster. Folketalsveksten fram mot 2040 er hovudsakleg venta å skje i dei meir sentrale kommunane – Førde og Flora.</li> <li>I 2040 er det venta at innbyggjarar som er 67 år eller eldre utgjer mellom 20 og 30 prosent av befolkninga i regionen.</li> </ul>
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Om lag 80 prosent av unge (25-29 år) i dei fleste kommunane har vidaregåande skule eller meir utdanning.</li> <li>Aukande del innbyggjarar i alderen 30-39 år har høgare utdanning (fleire enn fullført vidaregåande skule). Minst del har grunnskule (men aukande).</li> </ul>
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunane i indre strok har spesielt høg sysselsettingsgrad (71-75 prosent), godt over fylkessnittet. Elles ligg både Eid, Selje og Vågsøy også over fylkessnittet, og Bremanger og Flora er svært likt gjennomsnittet for Vestland.</li> <li>Tertiærnæringane dominerer i Stryn, Gloppen, Flora, Gaular og Vågsøy. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar. Industri er også ein vesentleg del av arbeidsplassane.</li> <li>Regionen har ei særlig styrke innan marin og maritim næring og fornybar energiproduksjon.</li> </ul>
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fleire område, spesielt langs fjordane, opplev mange skredhendingar. Venta auke i nedbørs mengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida.</li> <li>Som følgje av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>75-100 prosent av innbyggjarane i fem av elleve kommunar har trygg tilgang til nærturterren. Flora og Gloppen kjem dårlegast ut, der delen med trygg tilgang er under 50 prosent.</li> <li>Gaular har størst del innbyggjarar med trygg tilgang til rekreasjonsareal (75-100 prosent). I andre enden av skalaen finn vi Flora, Eid og Stryn, der under 50 prosent av innbyggjarane har trygg tilgang til rekreasjonsareal.</li> </ul>
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt, bur det ein større del born i låginntektshushald i fire av elleve kommunar i regionen (Stryn, Gloppen, Flora og Bremanger). Førde har minst del born busett i låginntektshushald.</li> </ul>
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dei mest trafikkerte områda er sentralt i Førde og i Flora. Vegen mellom Førde og Vågsøy, via Nordfjordeid, er også blant dei meir trafikkerte strekkene i regionen. I dette området finn vi også den mest trafikkerte ferjestrekka i regionen, Anda – Lote.</li> <li>Dei fleste innbyggjarane har eit mellom- til lågfrekvent kollektivtilbod.</li> </ul>
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> <li>Deltaking ved kommune- og fylkestingsval er høg i Eid, Gloppen, Jølster og Naustdal. Elles ligg dei andre kommunane likt eller noko under fylkesgjennomsnittet. Det er ei høgare deltaking ved stortingsval i dei aller fleste kommunane.</li> <li>Størst del av ungdommen (60 prosent eller meir) i alle kommunane i regionen syns tilbodet av idrettsanlegg er bra. Godt over halvparten av ungdom i Bremanger, Vågsøy, Eid, Stryn, Gloppen og Førde syns også kulturtildet er bra.</li> </ul>
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

### Folkehelseindikatorar for Sunnfjord og Nordfjord

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	62 %	64 %	46 %	46 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	90 %	90 %	92 %	84 %
	Del som opplev å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	46 %	57 %	39 %	49 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	94 %	92 %	90 %
God tilgang på kultur	82 %	82 %	78 %	75 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	77 %	3,1 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

### Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Sunnfjord og Nordfjord

	Styrkar	Svakheiter	Moglegerheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fråflytting</li> <li>○ Skeiv aldersfordeling</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Arbeide for at fleire ungdom etablerer seg i regionen</li> <li>○ Satsing på regionsenter viktig</li> <li>○ Allereie attraktivt for turisme, kan bidra til å skape attraktive buplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ungdomsflukt</li> </ul>
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lågt fråfall i skulen</li> <li>○ Gode skuleprestasjoner</li> <li>○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Godt, kortreist utdanningstilbod gjennom ein samla strategi for utdanning og kompetanse</li> </ul>	
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rekruttering av relevant arbeidskraft</li> <li>○ Svakt utdanningstilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Behov for regionale kompetansesmiljø, eks. på tiltak: Fjordane virtuelle campus og marint ressurscenter</li> <li>○ Stort potensiale for kompetansetiltak innan vgs. og høgskule</li> <li>○ Satsing på lærlingplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ubalanse i dag mellom statlege tenester og privat næringsliv i Nordfjordområdet</li> </ul>
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet</li> <li>○ Dårleg kollektivtilbod</li> <li>○ Dårleg tilrettelagd for syklande og gåande</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Betre infrastruktur binder fylket saman. Eks E39, kystvegen, Stad skipstunnel, hurtigbåt Bergen-Ålesund, ny miljøvennleg teknologi (digitalisering og elektrifisering)</li> <li>○ Bompengevilje for FV57 Dale-Førde</li> <li>○ Breiband til alle, viktig for å redusere avstand og tid</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rasfarlege vegar</li> <li>○ Mangfullt kollektivtilbod, lite tilpassa behovet</li> <li>○ Større avstandar mellom nord og sør i fylket, utfordrande med dagens infrastruktur mange område</li> <li>○ Nedbygging av flyrute (Førde-Bergen)</li> <li>○ Uoversiktleg offentleg forvaltning innan breiband</li> </ul>
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sterk omstillingsevne</li> <li>○ Gode på digitalisering og ny teknologi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Nyetableringar</li> <li>○ Liten tilgang til risikovennleg kapital</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Langsiktige innovasjonsstrategiar vil kunne bidra til utvikling og vekst i grøne næringar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Verkemiddelapparat må vere til stades lokalt</li> </ul>

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

			<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kystrådet og fokus på nye verkemiddel tilpassa kysten er viktig for verdiskapinga</li> </ul>	
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Heilårs arbeidsplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sårbare fagmiljø</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Turismen er i vekst og det er investeringsvilje – viktig å satse på heilårsturisme og digitale plattformar</li> <li>○ Etablere statlege funksjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Næringslivet må vere budd på det digitale skiftet</li> <li>○ Samferdsel og infrastruktur er ei utfordring for ytterlegare vekst innan reiseliv</li> </ul>
Helse og levevanar				
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Naturmangfaldet har god tilstand</li> <li>○ Berekraftig utnytting av naturressursar</li> <li>○ Befolkinga har god tilgang til natur- og rekreasjons-område</li> </ul>			
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Stor frivillig innsats</li> <li>○ Gode idrettsanlegg</li> <li>○ Variert kulturtildob</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fokus på regionale kultursatsingar</li> <li>○ Etablere nynorskhuset i Førde</li> <li>○ Dyrke regionen si styrke når det gjeld festivalar – mange ringverknader</li> </ul>	
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lokale miljø har høg kompetanse innan den grøne skiftet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> </ul>
Sosiale forskellar og utanforskap			<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Følgje ut vidareutvikle Gloppen-modellen for integrering</li> <li>○ Festivalar kan nyttast for å fremje integrering</li> <li>○ Fremje samarbeid mellom frivillige, næringsliv og det offentlege – viktig ressurs for trivsel, integrering og deltaking</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Frykt for sentralisert mobbe- og elevombod</li> <li>○ Dårleg kollektivtilbod, trugsel for integrering og deltaking</li> </ul>
	<b>Styrkar</b>	<b>Svakheiter</b>	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>

Respondenter 99

## 2.2.5 Møteregion Sunnhordland

Sveio, Bømlo, Etne, Austevoll, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad

### Utviklingstrekk i Sunnhordland

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>Folketalsvekst dei siste fem åra, med unntak av Kvinnherad. Venta folketalsvekst fram mot 2040 i dei mest sentrale kommunane i fylket, det inkluderer Stord og Sveio i denne regionen.</li> <li>Bømlo og Kvinnherad er venta å ha spesielt høg del eldre (67 år eller eldre) innbyggjarar i 2040.</li> </ul>
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Større del i aldersgruppa 30-39 år har fullført vidaregåande skule, samanlikna med dei som har høgare utdanning. Del med høgare utdanning har likevel auka dei siste fire åra, medan del med vidaregåande skule har gått noko ned. Del med grunnskule i denne aldersgruppa har auka noko, likt med elles i fylket.</li> </ul>
Nærings og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sysselsettingsgraden i dei fleste kommunane ligg nært fylkessnittet, bortsett frå eit noko høgare nivå i Austevoll (71 prosent).</li> <li>Tertiærnæringerane dominerer i Etne, Stord, Bømlo og Austevoll. Del sysselsette innan sekundærnæringerane er likevel tilnærma like stor i dei tre førstnemnde kommunane. Offentleg sektor er største næring i Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, og spesielt i Sveio.</li> <li>Regionen har ei særlig styrke innan marin og maritim næring og fornybar energiproduksjon.</li> </ul>
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> <li>Store område i regionen har høg/svært høg radonfare.</li> <li>Som følgje av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>Over halvparten av innbyggjarane i alle kommunane har trygg tilgang til nærturterrenge. Delen er spesielt høg i Sveio, Bømlo og Tysnes (75-100 prosent).</li> <li>Over halvparten av innbyggjarane i alle kommunane har trygg tilgang til rekreasjonsareal, med unntak av Etne (under 50 prosent).</li> </ul>
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle kommunane har ein lik eller mindre del born busett i låginntektshushald, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt (12,3 prosent). Unntaket er Sveio.</li> </ul>
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er mykke trafikk i store deler av regionen, spesielt i Sveio, Stord og Bømlo, men også mellom Fitjar og Os (i Bergensområdet). I sistnemnde område finn vi også ferjestrekka Halhjem – Sandvikvåg. Dette er ein av mange ferjestrekker i regionen, men Halhjem – Sandvikvåg er den mest trafikkerte.</li> <li>Størst del av innbyggjarane har eit mellom- til lågfrekvent kollektivtilbod.</li> </ul>
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er generelt noko lågare deltaking ved kommune- og fylkestingsval i regionen, samanlikna med gjennomsnittet for fylket. Fleire av kommunane har ei høgare deltaking enn fylkesgjennomsnittet ved stortingsval.</li> <li>Over 60 prosent av ungdom i alle kommunar i regionen syns tilbodet av idrettsanlegg er bra (manglar data frå Tysnes). Variasjonen mellom kommunane er noko større når det gjeld kultertilbod, men over halvparten av ungdom i Etne, Stord, Kvinnherad, Fitjar og Bømlo syns tilbodet er bra.</li> </ul>
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

#### Folkehelseindikatorar for Sunnhordland

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	60 %	67 %	41 %	46 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	88 %	91 %	90 %	82 %
	Del som opplev å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	37 %	49 %	40 %	47 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	94 %	93 %	91 %
God tilgang på kultur	80 %	85 %	79 %	77 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	82 %	3 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

#### Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Sunnhordland

	Styrkar	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skeiv aldersfordeling</li> <li>○ Fråflytting</li> <li>○ Spreidd busetnad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Funksjonar og arbeidsplassar (statlege og fylkeskommunale) må til regionen for å balansere mot Rogaland</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fryktar utkantposisjon i fylket til tross for at regionen er sentral i Vest-Noreg</li> <li>○ For få unge i regionen</li> </ul>
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ God tilgang til barnehageplassar heile året</li> <li>○ Høg kompetanse i barnehagane</li> <li>○ Lågt fråfall i skulen</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Desentralisert skulestruktur med sterke fagmiljø</li> <li>○ Legge til rette for verdig og meiningsfylt liv ved å tilby tilrettelagd opplæring (TO) med mykje praksis so nært heimen som mogleg på vidaregåande skule</li> <li>○ Betre tilrettelagd transport på sjø vil fremje felles utnytting av skuletilbodet i området (inkludert tilbodet til Rogaland)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fylkessamanslåinga kan få følgjer for moglegheita til bruk av vidaregåande skule i Rogaland. Tilbodet må oppretthaldast og fylgjast opp med transportmoglegheiter.</li> <li>○ Mange ungdom frå regionen går på vidaregåande skule i Rogaland – utfordrande å følgje utviklinga då dei ofte ikkje er med i statistikken til Hordaland i dag</li> </ul>
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vanskeleg å rekruttere relevant</li> <li>○ Svakt arbeidstilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kompetanseutvikling må skje i nært samarbeid med næringer, dømesvis praksisplass hjå lokale næringer, klasserom ute på anlegga</li> <li>○ Lokale næringer sitt fokus på teknologisk utvikling og kvalitet er med på å bygge kompetanse lokalt</li> </ul>	

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019

Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dårleg kollektivtilbod</li> <li>○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet</li> <li>○ Dårleg tilrettelagd for syklande og gåande</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ E39 må på plass, svært viktig for rå skape eit vekstkräftig næringsliv og attraktivitet for regionen</li> <li>○ Bru for ferje er svært viktig for innbyggjarane</li> <li>○ Vintersikker, rassikker og gul stripe på E134 – det viktigaste aust-vest sambandet</li> <li>○ Hurtigbåt i Sunnhordlandbassenget og mot Bergen er viktig, knyte heile kysten i Vestland saman</li> <li>○ «Hent meg»-prosjektet</li> <li>○ Samordning mellom kollektiv og reiseliv kan opne opp for betre tilbod til innbyggjarane, dømesvis «Travel like the locals»</li> <li>○ Flyplassen på Stord er viktig, må få same forvaltningsnivå som flyplassane i Sogn og Fjordane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rasutsette vegar</li> <li>○ Lite tilrettelagt for syklistar i tunellane</li> <li>○ Lite fornuftige stoppestader med hurtigbåt i dag gjer det upraktisk for mange.</li> <li>○ Stoppestad der folk bur er viktig</li> <li>○ Bekymra for el-ferjesatsinga grunna moglege negative konsekvensar som kutt i rutetilbodet</li> </ul>
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sterk omstillingsevne</li> <li>○ Gode på digitalisering og ny teknologi</li> <li>○ Gode på å skaffe seg ny kunnskap gjennom bedrifts- eller forskingsarbeid</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Etterspurde merkevarer innan fiskeri som kan vidareutviklast, konstant fokus på utvikling og bygging av varer med høg kvalitet</li> <li>○ Behov for å utvikle berekraftige anlegg (elektrifisering, nye forkjelder, betre fiskehelse, postsmolt, avfallsprodukt)</li> </ul>	
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sterke fagmiljø</li> <li>○ Heilårs arbeidsplassar</li> <li>○ Mange lokale arbeidsplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sårbare fagmiljø</li> <li>○ Liten variasjon i næringslivet</li> <li>○ Få eller ingen kompetansearbeidsplassar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Satsing på nyskaping og ny teknologi i marin og maritim næring, som regionen allereie er sterke innan, må prioriterast</li> <li>○ Nye fiskerihamner er under arbeid. Etter regionreforma går fiskerihamner over til fylket, skapar nye moglegheiter</li> <li>○ Tettare samarbeid med Rogaland om næringsklynger (marin, maritim, energi, reiseliv, shipping)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Svært få offentlege arbeidsplassar (statleg og fylkeskommunale) skapar mindre breidde i arbeidsmarknaden</li> <li>○ Fylkesgrensa mot Rogaland skapar hindringar for utvikling – viktig med tett samarbeid med Haugalandsrådet om å styrke felles bu- og arbeidsmarknad</li> <li>○ Kystsoneplanen – for detaljert, overstyring, skapar ikkje moglegheiter</li> </ul>
Helse og levevanar	<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Livsstilssjukdommar som gjev alvorlege utfordringar for den einskilde og for samfunnet</li> </ul>
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ God tilgang til natur- og rekreasjonsområde</li> <li>○ Naturmangfaldet har god tilstand</li> <li>○ Berekraftig utnytting av tilgjengelege naturressursar</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Regelverk, godt planarbeid og like rammeføresetnader som legg til rette for og fremjar god utvikling av akvakulturlandskap</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ynskje om å bygge ut vindkraft (on- og offshore)</li> <li>○ Altfor lite areal tilgjengeleg for utvikling, både på land og til sjøs</li> </ul>
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Variert kulturtilbod</li> <li>○ Stor frivillig innsats</li> <li>○ Gode idrettsanlegg</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Viktige delar av norgeshistoria har utspunne seg i Sunnhordland (kristning, dei tidlegaste lovtinga) – kan bidra til å bygge opp under vestlandsidentitet og kultur</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dårleg kollektivtilbod og korrespondanse mellom dei ulike tilboda, gjer det vanskelegare for mange å delta på fritida</li> </ul>

Rapport frå regionale dialogmøte – utkast – vedlegg til løypemelding til FN- arbeidsutvalet  
13.mai 2019


			<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Utnytte dei viktige kulturanlegga i regionen meir, dømesvis Moster Amfi og Baroniet i Rosendal</li> </ul>	
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Mykje havvind ved kysten - gode moglegheiter for utbygging av vindkraft i regionen</li> <li><input type="checkbox"/> Reduserer CO2-avtrykket på laks gjennom (1) god fiskehelse gjennom kortare tid i sjø (noko som aukar overlevinga) og (2) foredling lokalt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Fiskerinæringa ytrar motstand til offshore vindkraft</li> <li><input type="checkbox"/> Kollektivtransport til sjøs er viktig i regionen, men forureininga er altfor høg</li> </ul>
Sosiale forskjellar og utanforskap			<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Arbeide for trygge skulemiljø for å hindre fråfall</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Lite fokus på utfordringane som kjem med personar som er multisjuke – gjer det vanskelegare å legge til rette for verdige liv</li> </ul>
	<b>Styrkar</b>	<b>Svakheiter</b>	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>

Respondenter 45


## Førebelse funn frå arbeidet med folkehelseoversikt

Arbeidet med folkehelseoversikt for Vestland fylke er i stor grad knytt til prosessen med utviklinga av Utfordringstrekk for Vestland. Det har også vore gjennomført møte i interne folkehelsenettverk i Hordaland og Sogn og Fjordane («Folkehelsingane»), og i eksterne samarbeidsorgan knytt til folkehelsearbeidet; «Samarbeidsorganet for folkehelse» - eitt møte i kvart fylke.

I arbeidet med folkehelseoversikta for Vestland er det lagt særskilt vekt på å kome nærmare inn på den sosiale dimensjonen av berekraft. Analysane så langt har vist at dette er ein relevant framgangsmåte ettersom det har blitt avdekt tett samsvar mellom sosial berekraft, lovkrav og innsatsområde i nasjonalt folkehelsearbeid.



FN sine berekraftsmål er delt inn i tre dimensjonar; miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Modellen frå Rockstrøm og Sukhdev viser ei pyramideforma prioritering som viser interaksjonen mellom dei tre dimensjonane; dei er ikkje likestilte, den miljømessige dimensjonen av berekraft er grunnlaget for sosial og økonomisk berekraft. Innan folkehelsearbeidet er alle dimensjonane av berekraft relevant, men den sosiale dimensjonen er særskilt viktig. Det kompliserte biletet av påverknadsfaktorar inneber at dei fleste av dei 17 berekraftsmåla er relevante for innbyggjarane i Vestland sine levekår og livskvalitet.



Det tverrfaglege, tverrsektorielle og langsiktige perspektivet som folkehelsearbeidet skal ha, gjer vurdering av samanhengar vanskeleg - både å utføre og å presentere. Vi har valt ein modell som viser koblinga mellom folkehelse og sosial berekraft for å gjere vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar synleg. Modellen viser «laga», eller «nivåa» av forhold som verkar inn på helsa. Den er også nyttig for å illustrere samspelet på tvers av desse laga. Sjølv om modellen har fokus på sosial berekraft, så blir det tydeleg gjennom drøftinga at miljømessig, sosial og økonomisk berekraft er knytt saman og avhengig av kvarandre.

*Oversikt over sentrale påverknadsfaktorar med serlig relevans for planlegging, inspirert av Dahlgren og Whitehead 1991, Barton og Grant 2006 og Opp 2017.*

### Systematisering av innspel frå dialogmøte og møte i Samarbeidsorgana

Analysane har avdekt at det er tett samsvar mellom teoretisk kunnskap og kva folk er opptekne av når det gjeld sosial berekraft. Det folk er opptekne av, speglar seg også i kunnskapsgrunnlag. Under er vist to figurar som er laga i eit forsøk på å samanfatte innspel, lovkrav og sosial berekraft. Det er mykje informasjon i figurane, desse vil bli tydelegare diskutert i tekstdokumentet. Figurane fungerer likevel fint som ein måte å koble ulike informasjonskjelder, krav og teori på. I det vidare arbeidet vil også dei 17 berekraftsmåla bli trekt inn. Det vil bli utarbeidd fire slike figurar, ein for kvart av laga i modellen over:

- økonomisk, sosial og miljømessige høve
- lokalsamfunnskvalitetar
- kvardagslivet sine arenaer
- livsvilkår

Under er presentert dei to første figurane.

Bokstavane i den innerste sirkelen representerer bokstavane i forskrifta til folkehelseoversikta:

- A – Befolkingssamansetnad
- B – Oppvekst og levekårsforhold
- C - Fysisk, kjemisk, biologisk og sosialt miljø
- D – Skadar og ulykker
- EF – Helsetilstand og levevanar

Størrelsen på kakestykkja viser til omfang av innspel frå dei ulike møta. Det er tydeleg at folk er mest opptekne av forhold knytt til bokstavane A-C, dei utgjer over  $\frac{3}{4}$  av figurane. Fargane viser til fargekodar nytta i kunnskapsgrunnlaget Vestland – Statistikk og utviklingstrekk. Symbola er illustrasjonar på tema som har vore gjennomgåande. Snakkeboblene viser til konkrete utspele.



Befolkningsutvikling er viktig for folk, nokre stader går den i negativ retning, andre stader er det andre trekk som peiker seg ut – fleire eldre, fleire flyktningar. Kvalitet i kulturtilbod og funksjonell fritid med tilgang på arenaer og tilhøyrande kollektivtilbod har og vore gjennomgåande. Usikkerheit for ras og smale vegar er andre tema som peikar seg ut.



Temaer som er trekt fram kan vere relevante på ulike nivå i figuren, men arte seg noko ulikt i kvart «nivå»/ kvart lag. Her ser vi til dømes at arbeidsliv på «makronivå» (Økonomiske, sosiale og miljømessige høve) handlar om å gjøre regionen/ området attraktivt gjennom å legge til rette for arbeidsplassar for to, kompetansearbeidsplassar og rammevilkår for at folk skal busette seg i regionen, mens det på lokalt nivå kan handle om praktiske forhold som plassering av arbeidsplass/ skule/ barnehage/ fritidsarenaer i høve kvarandre for å få ein god kvardag.

På dei neste nivåa vil det då handle om gode arenaer i kvar dagen; kvalitet i skulen, helsefremmende bygg, lite støy, mens det på det innerste nivået vil handle om individuelle ressursar som utdanningsmoglegheiter og føresetnader for å utvikle seg sjølv og leve gode liv.

**PS 21/19 Ymse**

Arkivnr: 2018/16486-45

Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	22/19	13.05.2019

### Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del II

#### Samandrag

I FN-AU sitt møte 04.02.2019 vart det i PS 06/19 lagt fram sak om utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar sitt forslag vart samråystes vedteke og FN-AU tok saka til drøfting og orientering. Saka vart deretter lagt fram for fellesnemnda som melding den 14.02.2019.

I FN-AU sitt møte 26.03.2019 vart AU i PS 12/19 presentert for tre reglement for folkevalde organ.

I FN-AU sitt møte 29.04.2019 vart AU i PS 17/19 presentert for ytterlegare ti reglement for folkevalde organ.

I denne saka vert FN-AU presentert for to reglement:

- Reglement for fylkestinget
- Reglement for saksbehandling

Prosjektleiar ber FN-AU særskild drøfte merknadene i saksframstillinga.

### Forslag til vedtak

FN-AU tek saka til drøfting og orientering.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Reglement for fylkestinget
- 2 Reglement for saksbehandling

**Prosjektleiar, 07.05.2019**

## **1. Bakgrunn for saka**

### *Krav til reglement for folkevalde organ*

Etter kommunelova § 5-13 skal folkevalde organ ha eit reglement som fastset:

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet

Det skal altså fastsetjast eit reglement for fylkestinget i Vestland fylkeskommune.

### *Saksbehandlingsreglement for folkevalde organ*

Kommunelova kapittel 11 inneholder reglar om saksbehandling for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ. Etter kommunelova § 11-12 fastset fylkestinget eit reglement med nærmere reglar for saksbehandlinga i slike organ.

Det skal altså fastsetjast eit reglement for saksbehandling som gjeld for alle desse organa.

## **2. Merknader knytt til Reglement for fylkestinget**

Reglementet er bygd opp etter same leid som alle reglement for folkevalde organ som er lagt fram i tidlegare saker.

I ingressen til Reglement for fylkestinget er mellom anna slått fast at fylkestinget er det øvste organet i fylkeskommunen, og har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Av reglementet punkt 1 går fram at tal medlemer i fylkestinget er 65, i tråd med likelydande vedtak av 27.10.2017 i fylkestinga i respektive fylkeskommunar.

I reglementet punkt 2 er lista opp konkrete oppgåver som ligg til fylkestinget. Lista er ikkje uttømmande.

I reglementet punkt 3 er teke inn særskilde saksbehandlingsreglar som berre gjeld for fylkestinget. Elles gjeld *Reglement for saksbehandling* på same måte som for andre folkevalde organ.

I reglementet punkt 3.1 er det gjeve høve til ordskifte etter opningstalane til fylkesordførar og fylkesrådmannen. Taletida for kvart innlegg er avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til 90 minuttar.

Som tilrådd i sak RS 5/19 i fellesnemnda 14.02.19, legg prosjektleiar opp til at interpellasjonsinstituttet vert vidareført i Vestland fylkeskommune. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har ulike fristar for innsending av interpellasjonar. I reglementet punkt 3.2 heiter det no at interpellasjonar må meldast skriftleg til fylkesordføraren seinast innan kl. 9 fire yrkedagar (laurdag ikkje medrekna) før tingsamlinga tek til. Når det gjeld andre skriftlige spørsmål, tilråar prosjektleiar at desse må meldast seinast kl. 9 dagen før tinget tek til.

Som tilrådd i same sak for fellesnemnda, er alle folkevalde organ, eksklusive fylkestinget, gjeve høve til å halde fjernmøte. Fylkestinget kan likevel halde hastefjernmøte i tråd med reglane i kommunelova, sjå punkt 3.5 i reglementet.

Prosjektleiar tilråar at dagens saksordførarordning i Hordaland fylkeskommune vert vidareført i nye Vestland, sjå punkt 3.7 i reglementet. Ordninga legg til rette for at ein politikar på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksførehavinga.

### **3. Merknader knytt til Reglement for saksbehandling**

Reglement for saksbehandling har element frå dagens saksbehandlingsreglement i både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. I reglementet som her vert lagt fram er dessutan innarbeidd nye saksbehandlingsreglar som går fram av ny kommunelov og tilvisingar til føresegner i ny kommunelov.

I ingressen til Reglement for saksbehandling er det slått fast kven reglementet gjeld for. Det gjeld for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ lista opp i kommunelova §§ 5-1 og 5-2.

Nedanfor har prosjektleiar gjeve nærmere omtale av ein del punkt.

#### *Tolking av reglement*

I sak RS 5/19 i fellesnemnda 14.02.19 tilrådde prosjektleiar ei vidareføring av Hordaland sine føresegner om tolking av reglement. Etter å ha vurdert ordlyden nærmere, er denne noko justert i reglementet som no vert lagt fram.

#### *Oversendingsforslag*

I same sak tilrådde prosjektleiar ei vidareføring av Hordaland sine føresegner om oversendingsforslag. Slike forslag skil seg frå andre forslag ved at dei ikkje vert realitetsbehandla i det aktuelle møte. Prosjektleiar har varierande erfaringar med slike forslag, då dei ofte manglar presisjon i så vel innhald som adressat for forslaget. I Sogn og Fjordane har ein ikkje høve til å fremme oversendingsforslag, men må eventuelt få sett saka på sakskartet og røyste over forslaget på vanleg måte. Etter nærmere vurderingar tilråar prosjektleiar at ein ikkje vidarefører Hordaland sine føresegner om oversendingsforslag.

#### *Frist for innkalling og utsending av saksførelegg*

I punkt 10 om *Innkalling og saksliste* heiter det at «Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal sendast medlemer og varamedlemer *minimum 4* dagar før møtedato.»

Hordaland har i sitt saksbehandlingsreglement ein hovudregel om minst 7 dagars varsel, medan Sogn og Fjordane har hovudregel om minst 8 dagars varsel. Den knappe fristen på minimum 4 dagar, er ei absolutt nedre grense, jfr. førearbeida til dagens kommunelov som seier minimum 4-5 dagar før møtedato.

Prosjektleiar meiner det er hensiktsmessig at nedre grense går fram av reglementet, men er samstundes klar på at praksis bør vere minimum 7 dagar.

#### *Elektroniske forslag*

Prosjektleiar tilråar at alle forslag, med unntak av utsetningsforslag, skal vere elektroniske. Dette er regulert i reglementet punkt 15 om *Forslagsrett*. Elektroniske forslag vil sikre notoritet og effektivitet med omsyn på distribusjon av forslag og skriving av møteprotokoll.

#### *Konsultative medlemer*

Konsultative medlemer vert å finne i finansutvalet, planutvalet og trafikktryggingsutvalet. Konsultative medlemer er funksjonsvalde, rådgjevande medlemer med møte- og talerett. Av reglementet punkt 15 går fram at konsultative medlemer ikkje har forslags- og røysterett.

#### *Gruppemøte*

Gruppemøte under møte i folkevalde organ har med jamne mellomrom vore gjenstand for debatt i media, og sivilombodsmannen har fleire gonger måtte trekkje opp grenselina mellom kva som er eit gruppemøte og når slike møte glir over til å vere eit møte i eit folkevald organ. Lovgjevar har ikkje vald å regulere gruppemøte. I framlegg til reglement er medlemen sin rett til å drøfte ei sak med andre medlemer før røysting positivt regulert i punkt 16.

#### *Skriftlege spørsmål og svar*

I punkt 18 om *Spørsmål*, har prosjektleiar lagt opp til ei vidareføring av dagens ordning i Hordaland med skriftlege spørsmål og svar i hovudutvala og fylkesutvalet. Slike spørsmål må meldast skriftleg seinast kl. 9 to dagar før møtet i organet.

#### **4. Vidare arbeid - reglement for delegering og innstilling**

Etter kommunelova § 5-14 fastset fylkestinget eit reglement for delegering og innstilling. Administrasjonen har under utarbeiding eit slikt reglement. Reglement for delegering og innstilling vert lagt fram i neste møte i FN-AU 11.06.2019.

Prosjektleiar vil i same møte leggje fram eitt dokument kor alle reglementa som er presentert vert samla.

# Reglement for fylkestinget

Fylkestinget er etter kommunelova § 5-3 det øvste organet i fylkeskommunen.

Fylkestinget skal ta seg av alle oppgåvene som fylkeskommunen har ansvaret for. Som øvste organ gjer fylkestinget vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov, forskrift eller delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Fylkestinget har ansvar for å fastsetje overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Fylkestinget har det overordna tilsynet med og ansvaret for at den fylkeskommunale verksemda er effektiv og tenleg for innbyggjarane i fylket.

Fylkestinget skal vurdere om dei fastsette måla er innfridde.

## 1. Samansetjing

Fylkestinget har 65 medlemer med varamedlemer, valde i samsvar med Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova).

Fylkestinget er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

Fylkestinget tek avgjerd i alle saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

Fylkestinget gjer mellom anna vedtak i saker om:

### 2.1 Overordna planlegging og regional utvikling

#### 2.1.1 Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1

- vedtek regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- vedtek handlingsprogram for regionale planar
- vedtek overordna strategiar for prioriterte utviklingsområde

#### 2.1.2 Fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd (tenesteproduksjon)

- fastset mål og strategiar for eiga verksemd
- utarbeidar og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer

#### 2.1.3 Økonomisk planlegging og budsjettering

- økonomiplan og årsbudsjett, jfr. kommunelova §14-2

#### 2.1.4 Resultatvurdering

- årsrekneskap, jfr. kommunelova § 14-6
- årsmelding, jfr. kommunelova § 14-7

### 2.2 Organisering og retningsliner

#### 2.2.1 Fastsetjing av medlemstal i fylkestinget, jfr. kommunelova § 5-5

#### 2.2.2 Opprettning/omorganisering/nedlegging av faste politiske utval, jfr. kommunelova § 5-7

#### 2.2.3 Opprettning og nedlegging av styre, jfr. kommunelova § 5-10

#### 2.2.4 Innføring og oppheving av parlamentarisme, jfr. kommunelova § 10-1

- 2.2.5 Overføring av tariffavtalemynde, jfr. kommunelova § xx
- 2.2.6 Overføring av oppgåver og mynde til vertskommune, jfr. kommunelova § 20-1
- 2.2.7 Vurdering av forslag fra innbyggjarane, jfr. kommunelova § 12-1
- 2.2.8 Vedtak om rådgjevande lokale folkerøystingar, jfr. kommunelova § 12-2
- 2.2.9 Reglement for folkevalde organ, jfr. kommunelova § 5-13
- 2.2.10 Reglement for delegering og innstilling, jfr. kommunelova § 5-14
- 2.2.11 Reglement for saksbehandling, jfr. kommunelova § 11-12
- 2.2.12 Reglement for godtgjersle til folkevalde, jfr. kommunelova §§ 8-3 og 8-4
- 2.2.13 Pensjonsordning for folkevalde, jfr. kommunelova § 8-7

### 2.3 Tilsetjing

- 2.3.1 Tilsetjing av fylkesrådmann, jfr. kommunelova § 13-1 og val av revisor, jfr. kommunelova § 24-1
- 2.3.2 Om tilsetjing i leiande stillingar skal skje på åremål, jfr. kommunelova § 13-2

### 2.4 Val

- 2.4.1 Val av medlemer og varamedlemer til fylkesutvalet, jfr. kommunelova § 5-6
- 2.4.2 Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar mellom fylkesutvalet sine medlemer, jfr. kommunelova § 6-2
- 2.4.3 Val og suppleringsval av medlemer og varamedlemer til utvala, administrasjonsutvalet, kontrollutvalet, klagemunda og fylkesvalstyret, jfr. kommunelova §§ 5-7, 5-11 og 23-1, forvaltningslova § 28 og vallova § 4-3
- 2.4.4 Val av leiar og nestleiar mellom organa sine medlemer, jfr. kommunelova § 5-7
- 2.4.5 Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.
- 2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jfr. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.
- 2.4.7 Fylkestinget vel i det konstituerande møtet ei valnemnd for heile valbolken.

## **3. Saksbehandling**

For fylkestinget gjeld Reglement for saksbehandling med dei særskilde reglane i reglementet her punkt 3.1-3.7.

### 3.1 Opningstalar

Etter fylkesordføraren og fylkesrådmannen sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til 90 minuttar.

### 3.2 Interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål

Interpellasjonar er prinsipielle og/eller grunngjevne spørsmål som spørjaren ønskjer debatt om. Interpellasjonar må meldast skriftleg til fylkesordføraren seinast innan kl. 9 fire yrkedagar (laurdag ikkje medrekna) før tingsamlinga tek til. Sjå nærmare prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter.

Ved behandling av interpellasjonar kan spørjaren og fylkesordføraren eller den han peikar ut til å gi svar, få ordet to gonger. Interpellanten kan ha ordet andre gongen, anten etter at han har fått svaret eller til sist under debatten. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong. Taletida er avgrensa til 5 minuttar for første innlegg frå spørjaren og den som svarar på interpellasjonen. Elles er taletida avgrensa til 3 minuttar. Maksimal tidsbruk pr. interpellasjon er 20 minuttar.

Andre skriftlige spørsmål må meldast til fylkesordføraren seinast kl. 9 dagen før tinget tek til. Sjå nærmare prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter. Spørjaren og den som svarar kan ha innlegg på 2 minuttar. Det er høve til oppfølgingsspørsmål og svar på 1 minutt. Elles er det ikkje høve til ordskifte.

Innkomne interpellasjonar og andre skriftlige spørsmål vert refererte ved opninga av fylkestinget. Desse skal behandlast ved starten av tingsete andre dag, med mindre tingsete berre går over ein dag. Dette skal gå fram av programmet.

Interpellasjonar og andre skriftlige spørsmål vert behandla i den rekkjefølgja dei kjem inn, likevel slik at interpellasjonane vert behandla samla før andre spørsmål. Spørjaren må i oversendinga gjere det klart om det er ein interpellasjon eller eit spørsmål.

For interpellasjonar kor det vert fremma forslag til vedtak, gjeld Reglement for saksbehandling punkt 11 tredje og fjerde avsnitt.

Maksimal tid for behandlinga av interpellasjonar og andre spørsmål er 2 timer. Dersom eit spørsmål ikkje er svara på innan dette tidsrommet, må spørjaren stadfesta overfor fylkesordføraren at det er ønskjeleg med svar i neste tingsamling. Vert slik stadfesting ikkje gjeve, reknar ein spørsmålet som trekt.

### 3.3 Fråsegner

Dersom fylkestinget ynskjer å uttale seg om dagsaktuelle saker kan fylkestinget vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.

### 3.4 Taletid

Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 minuttar. Det er hove til 3 replikkar til kvart innlegg på 1 minutt, samt svarreplikk på 1 minutt til kvar replikk.

I større saker, som til dømes budsjettbehandling, kan fylkesordføraren fastsetje ei anna ordning for taletid dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.

### 3.5 Fjernmøte og hastefjernmøte

Fylkestinget har ikkje hove til å ha fjernmøte. Fylkestinget kan likevel halde hastefjernmøte etter nærmare reglar i kommunelova § 11-8.

### 3.6 Klage

For enkeltvedtak gjort av fylkestinget er departementet klageinstans, jfr. forvaltningslova § 28.

### 3.7 Saksordførarordning

Saksordførarordninga skal legge til rette for at ein politikar på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksførehavinga. Sjå Retningslinjer for saksordførarordninga.

# Reglement for saksbehandling

Kommunelova kapittel 11 inneholder reglar om saksbehandling for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ. Fylkestinget fastset etter kommunelova § 11-12 eit reglement med nærmere reglar for saksbehandlinga i slike organ.

Både kommunelova kapittel 11 og Reglement for saksbehandling gjeld for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ lista opp i kommunelova §§ 5-1 og 5-2. I Reglement for saksbehandling er her nytta *folkevalde organ* eller berre *organ* om alle desse organa.

## 1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møteprotokollar skal vere på nynorsk.

## 2. Inabilitet

For medlemer i folkevalde organ gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kap. 2 og særreglane i kommunelova § 11-10.

Ein medlem skal i god tid orientere sekretariatet om faktiske forhold som gjer eller kan gjere han inhabil.

Medlemen bør gjere seg opp ei vurdering av sin habilitet som han munnleg kan leggje fram for organet. Medlemen fråtrer deretter når organet skal drøfte habilitetsspørsmålet. Det er organet sjølv som tek avgjerd om medlemen er inhabil.

Den som etter vedtak i folkevalde organ er å sjå som inhabil, tek ikkje del i behandlinga av den aktuelle saka. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Organet kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet.

## 3. Teieplikt

Folkevalde har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover. Dei same reglane gjeld for andre som tek del i møtet.

## 4. Tolking av reglement

Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av dette saksbehandlingsreglementet, skal fylkesrådmannen gje ei grunngjeven tolking.

Dersom ein medlem krev det, skal fylkesrådmannen leggje fram spørsmålet for fylkesutvalet for uttale.

## 5. Møteprinsippet

Folkevalde organ skal behandle saker og treffe vedtak i møte, jfr. kommunelova § 11-2. Møte i folkevalde organ skal haldast dersom eitt av vilkåra under er oppfylt:

- Organet sjølv eller fylkestinget vedtek det.
- Leiaren av organet meiner det er naudsynt.
- Minst 1/3 av medlemene krev det.

Møta i organet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Dersom begge har forfall, vel organet ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval. Ved same tal røyster på to eller fleire medlemer, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Fylkesutvalet behandler møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, planutvalet og finansutvalet.

## **6. Møteoffentlighet, lukking av møte og fjernmøte**

Møte i folkevalde organ går for opne dører og er offentleg tilgjengelege for offentlegheita, jfr. kommunelova § 11-5.

Eit organ skal vedta å lukke eit møte når det skal behandle ei sak som gjeld ein arbeidstakars tenestlege forhold. Organet skal og vedta å lukke eit møte når det behandler ei sak som inneheld opplysningar som er omfatta av lovbestemt teieplikt.

Eit organ kan vedta å lukke eit møte dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

a) Omsynet til personvern krev at møtet vert lukka.

b) Omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier at møtet vert lukka, og det vil koma fram opplysningar i møtet som kunne ha vore unntake fra innsyn etter offentleglova dersom dei hadde stått i eit dokument.

Røysting om eventuell lukking av eit møte vert gjort i opent møte.

Folkevalde organ fastset sjølv i det enkelte tilfelle om eit møte skal haldast som fjernmøte, jfr. kommunelova § 11-7. Slik behandling kan ikkje nyttast i saker som vedkjem ein arbeidstakar sine tenestlege forhold og saker med opplysningar som er underlagde teieplikt.

Fylkestinget har ikkje høve til å ha fjernmøte. Fylkestinget kan likevel, som andre folkevalde organ, halde hastefjernmøte etter nærmere reglar i kommunelova § 11-8.

## **7. Utvida innsynsrett for folkevalde organ**

Fylkestinget har rett til innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument, med dei skrankane som følger nedanfor. Andre folkevalde organ har, med dei same skrankane, rett til innsyn i alle saksdokument som gjeld dei delane av fylkeskommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt verkeområde. For krav om innsyn som nemnd, krevst minst 3 røyster eller fleirtalet av røystene i organet.

Eit folkevald organ kan berre få innsyn i saksdokument som gir kunnskap om teiepliktige opplysningar når det er naudsynt for behandlinga av ei konkret sak, og forvaltningslova § 13 b første ledd gir heimel for unntak frå teieplikta. For krav om slikt innsyn må vedtak treffast med fleirtalet av røystene i organet.

Retten til innsyn gjeld frå det tidspunkt då saka som saksdokumenta tilhører, er sendt til behandling i det folkevalde organet. For saker som vert avgjort av administrasjonen, gjeld innsynsretten frå tidspunktet kor sakene er ferdigbehandla.

## **8. Møtebok**

Det skal førast møtebok frå møte i folkevalde organ, jfr. kommunelova § 11-4. Møteboka skal leggjast ut elektronisk på fylkeskommunen sine heimesider.

Av møteboka skal det gå fram

- tid og stad for møtet
- kven som var til stades og kven som var fråverande
- kva saker som var lagt fram
- eventuelle partar sine nye opplysningar i ei sak, jfr. punkt 21
- alle forslag som er sette fram i ei sak
- vedtaka i sakene som vart handsama med opplysning om røystetal
- protokolltilføringar frå medlemer når vedkomande krev det
- interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål, og forslag og vedtak med røystetal i samband med dette
- vedtak om at møtet skal haldast for lukka dører med heimel for lukking
- vedtak knytt til om ein medlem er habil eller inhabil med heimel og vedtak om fritak av personlege årsaker med heimel
- Tema for munnlege orienteringar

Organet godkjenner møteboka på den måten organet fastset.

## **9. Fylkesrådmannen si saksførebuing og rolle i møtet. Sekretariat.**

Fylkesrådmannen avgjer til ei kvar tid kven som skal ha sekretariatsfunksjon for dei ulike folkevalde organa der ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Fylkesrådmannen skal syte for at sakene er forsvarleg utgreidde og at dei inneheld forslag til innstilling eller vedtak. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i alle folkevalde organ unntake kontrollutvalet, jfr. kommunelova § 13-1 femte ledd. Fylkesrådmannen kan la seg representera ved andre tilsette.

Fylkesrådmannen skal syte for at vedtak gjort av folkevalde organ vert iverksett utan ugrunna opphold. Dersom fylkesrådmannen vert merksam på faktiske eller rettslege omstende som har sentral betydning for iverksetjing av vedtaket, skal han eller ho gjere organet merksam på dette på eigna måte.

## **10. Innkalling og sakliste**

Leiaren i folkevalde organ set opp sakliste for kvart møte, jfr. kommunelova § 11-3 første ledd.

Dersom minst 1/3 av organet sine medlemer i møte krev det, skal ei sak setjast på sakslista til neste møte.

Møte skal verte kunngjort på fylkeskommunen sine heimesider, også dersom møtet kan verte heilt eller delvis lukka etter kommunelova § 11-5.

Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal sendast medlemer og varamedlemer *minimum 4* dagar før møtedato. Sakliste for møtet og saksdokument som ikkje er unntake offentlegheit, vert samstundes lagd ut på fylkeskommunen sine heimesider.

## **11. Behandling av saker**

Sakene skal behandalast i den rekkefølgja som går fram av innkallinga. Organet kan vedta ei anna rekkefølgje. Er ei sak teken opp til behandling, kan møtet ikkje hevast før saka er avgjort ved røysting, eller organet vedtek å utsetje saka.

Organet kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetsbehandling av ei sak på den utsende saklista, jfr. kommunelova § 11-3 fjerde ledd.

Organet kan og gjere vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista. For at saka skal setjast på sakslista, må ikkje møteleiar eller 1/3 av dei frammøtte medlemene sete seg imot, jfr. kommunelova § 11-3 femte ledd. Det same gjeld om sak som står på sakslista, men kor saksdokumenta ikkje er sendt ut med innkallinga.

Dersom organet vedtek å setje saka på sakslista, må organet deretter røyste over forslaget. Til dømes vert fråsegn behandla i to steg som her beskrive.

## **12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker**

Medlemer av folkevalde organ plikter å delta i møta i organet dersom dei ikkje har gyldig forfall. jfr. kommunelova § 8-1.

Som gyldig forfall vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast. Organet avgjer sjølv om forfall er gyldig.

Forfall og årsak til forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet, sjå nærmare prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter.

Ein folkevald kan søkje om å verte friteke frå behandlinga av ei sak dersom personlege årsaker tilseier fritak, jfr. kommunelova § 11-11. Organet avgjer sjølv om medlemen vert friteke.

## **13. Vedtaksført organ og opning av møtet**

For at eit folkevald organ skal kunne treffe eit vedtak, må minst halvparten av medlemene vere til stades under forhandlingane og gje stemme i den aktuelle saka.

Er minst halvparten av medlemene til stades, seier møteleiaren møtet for sett.

Dersom det i samband med namneoppropet kjem motmåle mot nokon sin rett til å ta del i forhandlingane, gjer organet først vedtak om dette.

Medlemer som møter etter at møtet er sett melder seg for møteleiaren. Etter at møtet er sett, kan medlemen ikkje forlate møtet utan at organet har innvilga slik søknad, sjå nærmere prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter.

## **14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking.**

Møteleiaren les opp nummer og tittel på den enkelte saka på saklista og viser til forslag til vedtak i tilrådinga. Møteleiaren kan og gjera greie for saka så langt det er nødvendig.

Før ordskiftet i ei sak tek til – og under ordskiftet – kan møteleiar ta avgjerd om å korta av på taletida til eit bestemt tidsrom for kvart innlegg. Møteleiar tek avgjerd om å slutte av ordskiftet i ei sak med mindre utvalet vedtek noko anna.

Talarane får ordet i den rekkefølgja dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkefølgja. Utanom denne rekkefølgja kan møteleiaren i fylkestinget eller fylkesutvalet gje ordet til fylkesrådmannen eller den som fylkesrådmannen peikar ut, til å gje informasjon. I andre organ gjeld dette tilsvarande for den som møter på vegner av fylkesrådmannen eller den som den møtande peikar ut. Den som får ordet, vender seg til møteleiaren.

Møteleiaren kan gje høve til replikkordskifte i tilknyting til innlegget frå siste talar, og møteleiar fastset tidsgrenser for slikt ordskifte.

Vil møteleiaren vera med i ordskiftet om ei sak, og det ikkje gjeld korte merknader, bør møteleiaren overleta møtestyringa til nestleiar eller eit anna medlem.

Møteleiaren skal sjå til at møtet finn stad i ordna former. Møteleiaren har mynde til å åtvare medlemer eller andre frammøtte som uroar møtet. Møteleiaren kan og la organet avgjere ved røysting om medlemer eller andre frammøtte som uroar, skal stengjast ute frå resten av møtet.

Materiell, teikningar, plakatar eller liknande må ikkje takast med inn i eller delast ut i møtelokalet eller i tilstøytande rom utan at møteleiaren, eller i tilfelle organet samtykkjer til dette.

## **15. Forslagsrett**

Forslag kan ikkje setjast fram av andre enn organet sine medlemer med mindre det ligg føre lovleg heimel. Forslag skal vere elektroniske, sjå nærmere prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter. Det skal gå fram kven som står bak forslaget.

Forslaget kan og vere munnleg dersom det går ut på å utsetje saka som er til behandling.

Konsultative medlemer er funksjonsvalde, rådgjevande medlemer med møte- og talerett. Konsultative medlemer har ikkje har forslags- og røysterett.

## **16. Røysting**

Når ordskiftet er slutt, skal saka som hovudregel takast opp til røysting. Møtande medlem kan likevel fremme krav om å få drøfte saka med ein eller fleire (men ikkje alle) medlemer i organet før røysting.

Møteleiaren varslar dei som er utanfor sjølve møtesalen. Medlemene har rett og plikt til å røyste. Er ein medlem fråverande frå salen når saka vert teken opp til røysting, har medlemen ikkje røysterett.

Organet avgjer, etter forslag frå møteleiaren, rekkefølgja av røystingane der saka er delt opp eller det er sett fram fleire forslag.

Før den endelege røystinga i ei sak, kan organet halde prøverøysting som ikkje er bindande.

Røystingane skjer ved stilltiande eller aktiv godkjenning på den måten møteleiar fastset.

Vedtak vert gjort med fleirtal av røystene som er gjeve, dersom ikkje anna følgjer av reglane i kommunelova eller av vallova § 9-3 andre ledd. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiar si røyst avgjerande.

## **17. Ny behandling av avgjort sak**

Når ei sak er avgjort, må ikkje organet ta saka opp att i same møtet om det ikkje seinare er kome nye opplysningar eller endra forhold som er vesentlege for avgjerd i saka.

## **18. Spørsmål**

Kvar medlem av organet kan stille spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje står på sakslista, jfr. § 11-2 fjerde ledd i kommunelova.

Møteleiar kan be andre svare på spørsmålet.

I hovudutvala og fylkesutvalet er det høve til å stille skriftlege spørsmål og be om skriftleg svar. Slike spørsmål må meldast skriftleg seinast kl. 9 to dagar før møtet i organet. Sjå nærmere prosedyre i Reglement for folkevalde - rettar og plikter. For spørsmål som meldast etter fristen, kan spørsmålsstillar velje å stille dette munnleg i møtet, alternativt be om å få spørsmålet svart ut skriftleg til neste møte.

Dersom spørsmålet er av omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

## **19. Deputasjonar**

Deputasjonar frå interessegrupper som ønskjer å møte for eit folkevald organ og uttale seg om ei sak som skal behandlast i det aktuelle møtet, skal melde frå til leiar seinast tre dagar før møtet. Møteleiar avgjer om deputasjonen skal få høve til å møte i organet.

## **20. Orienteringar**

Informasjon/orienteringar om aktuelle tema kan setjast på dagsorden etter leiar si avgjerd.

## **21. Partsinteresse**

Partar i ei sak har ikkje rett til å uttala seg i organet med mindre organet vedtek noko anna.

## **22. Lovlegkontroll**

Tre eller fleire medlemer av fylkestinget kan saman krevje lovlegkontroll av vedtak gjort av folkevalde organ eller fylkeskommunal administrasjon, jfr. kommunelova § 27-1.

Fristen for å krevja kontroll er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

Arkivnr: 2019/11170-1

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Møtedato
Fellesnemnda-AU	13.05.19

## Markeringar knytt til etableringa av Vestland fylkeskommune i 2019/2020

### Samandrag

Etableringa av Vestland fylkeskommune markerer eit vasskilje i regionen, og ringverknadane vil merkast både i og utanfor dei framtidige fylkesgrensene. Prosjektleiar vil difor legge ein plan for markeringar og større hendingar knytt til etableringa, og for korleis desse skal kommuniserast på ein heilskapleg måte.

Konstitueringa av fylkestinget for Vestland 14.–16. oktober er ein viktig milepål for prosjektet, med ei offisiell markering av det nye fylkestinget i Håkonshallen som eit naturleg høgdepunkt. Det er naudsynt å få lagt fast dei sentrale elementa for møte og seremoni, for å kunne få på plass naudsynte detaljar i program, gjestelister og sakslista.

### Forslag til vedtak

Med grunnlag i FN-AU sine merknader til saksframlegget, får prosjektleiar fullmakt til å arbeide vidare med tiltak for markeringar og informasjon i samanheng med innføringa av Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Prosjektleiar, 07.05.2019

### 1.0 Bakgrunn for saka

Som ny fylkeskommune trer Vestland fylkeskommune i kraft frå 1.1.2020. Det nye Vestland fylkesting vil bli konstituert i oktober 2019, og har vedtakskompetanse for saker med verknad frå 1.1.2020.

I PS 24/2019 gav fellesnemnda arbeidsutvalet (FN-AU) fullmakt til å fastsette rammer og opplegg for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020. I tråd med dette vedtaket, legg prosjektleiaren fram forslag til aktivitetar og tiltak for slik markering av den nye fylkeskommunen.

Det vert også arbeidd med ein overordna kommunikasjonsplan for alt av aktiviteter knytt til at Vestland fylke trer i kraft. Denne planen vil også søke å avstemme desse aktivitetane med det som eventuelt skal gjerast av markeringar av at dagens to fylkeskommunar avviklast frå årsskiftet 2019/2020.

I første omgang legg prosjektleiar opp til ei markering av den nye fylkeskommunen i Håkonshallen i samband med konstitueringa av det nye fylkestinget i oktober 2019.

### 2.0 Markeringar 2019-2020: Overordna plan

Prosjektleiar er i gong med ein overordna kommunikasjonsplan for alle aktiviteter knytt til at Vestland fylke trer i kraft. Målet med denne planen, er at alt av aktiviteter og hendingar knytt til opprettinga vert sett inn i ein større samanheng, for å sikre eit heilskapleg inntrykk. Planen vil fange opp både interne og eksterne aktivitetar.

Tabellen under syner dei mest sentrale hendingane og markeringane knytt til at Vestland fylke trer i kraft, både før og etter 1. januar 2020. Dette vil danne utgangspunktet for vidare planlegging av kommunikasjonsaktivitetar. Oversynet er ikkje uttømmande, men er meint å gje eit inntrykk.

Tid	Kva	Detaljar
Før fylkestingsval	Kampanje for å få sikre valdeltaking for den nye fylkeskommunen	Samarbeid for annonsering i samarbeid med andre fylkeskommunar.
9. september	Val	Første val av fylkesting i Vestland.
September – årsskifte	Innbyggjar-informasjon: Tiltak for å nå nøkkelgrupper med viktig informasjon om overgang frå dagens fylkeskommunar til Vestland.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Annonsering</li> <li>• Møter</li> <li>• Redaksjonell omtale</li> </ul>
14.-16. oktober	Konstituering nytt fylkesting	Markering i Håkonshallen 15. oktober.
2020		
1. januar	Vestland fylkeskommune trer formelt i kraft.	
Januar/første halvår	Markeringar eksternt og internt	Det vert lagt opp til aktivitetar som femner om både innbyggjarar og tilsette.

### **3.0 Førebels saksliste til konstituerande fylkesting 14.–16. oktober**

Fylkestinget 14.–16. oktober må gjøre vedtak i ei rekke formelle saker, til dømes val av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, fylkesutval og kontrollutval. Her er ei opplisting av slike saker, som truleg vil vere på dagsorden til fylkestinget. Dette er ikkje ei uttømmande liste, og rekkefølja på sakene vil først vere klar ved utsending av innkallinga.

- Fylkestinget si samansetting i perioden
- Reglement for politisk og administrativ arbeidsdeling
- Val av fylkesutval
- Val av fylkesordfører og fylkesvaraordfører
- Val av kontrollutval
- Opprettning av valnemnd
- Politiske reglement
- Forretningsorden
- Reglement for godtgjøring for folkevalde og partigrupper
- Innsynsreglement
- Gåver
- Registrering av verv og økonomiske interesser
- Reglement for råd
- Eldreutval
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
- Integreringsråd
- Val av medlemmer og vara-medlemmer til hovudutval
- Val av fylkesvalstyre
- Val av adm.utval
- Val av klagenemnd

Samlinga i Håkonshallen vert reint seremoniell, der hovedelementa vil vere utnemninga av nytt fylkesting og fylkesordførar. Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar med meir, må vere avklara før seremonien i Håkonshallen tek til.

### **4.0 Konstituering av fylkesting for Vestland, Bergen, Hotel Norge, og markering i Håkonshallen 14.–16. oktober**

For å sikre at det er tilstrekkeleg til saksbehandling, føreslår prosjektleiar at fylkestingsmedlemmene startar med gruppemøte på Hotel Norge ettermiddag/kveld mandag 14. oktober.

Gjestelista skal innehalde representantar frå sentrale aktørar i Vestland, og det vert sendt invitasjon til regjering/statsminister.

**Tentativ køyreplan – 14.–16. oktober:**

Dato/klokkeslett	Stad	Kva skjer	Detaljar/avklaringar
<b>Måndag 14. oktober</b>			
1600-	Hotel Norge	Gruppemøte	Gruppemøte vert føreslått lagde til måndagen for å sikre at det er tid nok til å behandle alle saker. Partia organiserer dette sjølve.
<b>Tysdag 15. oktober</b>			
0900	Hotel Norge	Møte setjast	Saker som krev vedtak før seremonien i Håkonshallen vert lagde først på dagsorden.
1200-1300		Lunsj	
1300-1430		Møte fortset	
1600-1900	Håkonshallen	Seremoni Fotografering Bevertning Transport Media: Ein legg til rette for at media kan overføre direkte Video-overføring	Kulturinnslag: <ul style="list-style-type: none"> <li>Innslag frå dagens to fylkeskommunar</li> </ul> Seremoni: <ul style="list-style-type: none"> <li>Seremoni for innsetting av ny fylkesordførar og fylkesting</li> <li>Fotografering</li> <li>Talar og helsingar</li> </ul> Tentativ gjesteliste – det er plass til 290 gjester: <ul style="list-style-type: none"> <li>Statsminister/representant for regjering</li> <li>Stortingsbenk</li> <li>Eksisterande fylkesting i Hordaland og Sogn og Fjordane</li> <li>Fylkesmann</li> <li>Ordførarar i kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane</li> <li>Statlege etatar</li> <li>Tidlegare fylkesordførarar og rådmenn</li> <li>Universitet og høgskular</li> <li>Leiarar i dagens fylkeskommunar</li> <li>Fylkesordførarar i Vestlandsrådet</li> <li>Nærings- og kulturliv</li> <li>Organisasjonsliv</li> </ul> Gåver til deltakarar
1730 -	Håkonshallen	Middag	
<b>Onsdag 16. oktober</b>			
0900	Hotel Norge	Møte fortset	
1100 -1200		Lunsj	
1200 -		Møtet fortset	Møtet held fram til saksbehandlinga er ferdig.